



Høgskulen
på Vestlandet



Årsrapport

2018 – 2019

Innhald:

Kapittel I Årsmelding frå styret	3
Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal	6
Kapittel III Årets aktivitetar og resultat	9
Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda.....	44
Kapittel V Framtidsutsikter	47
Årsplan HVL 2019.....	53
Kapittel VI Årsrekneskap	62

Vedlegg:

1. Rapport om likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjenge
2. Årsrekneskap 2018

Kapittel I Årsmelding frå styret

Styret si overordna vurdering av 2018

Høgskulen på Vestlandet blei, med bakgrunn i kgl.res. av 17. juni 2016, etablert frå 1.1.2017. styret har hatt 9 styremøte og handsama 102 saker i sitt andre år. I tillegg til styremøta har styret hatt to styreseminar med tema «Forskning ved HVL» og «Utvikling av verksemdsmål for HVL».

Strategi 2019-2023

I september vedtok styret HVL sin første strategi for perioden 2019-2023, og i november kom verksemdsmåla for same periode på plass. Visjonen til HVL er «Kunnskap som bygger menneske og samfunn». Det overordna målet er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil tufta på samspel, berekraft og nyskaping. Strategien har i tillegg sju felles faglege satsingsområde som skal styrke den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling. Universitetet som vi saman skal arbeide for å bli, skal vere ein viktig skapande faktor i utforminga av det framtidige Vestlandet.

Universitetsambisjonen

Universitetsambisjonen er samlande for alle tilsette ved HVL, på tvers av fag og studiestad. Ein milepæl i den samanheng er NOKUT si akkreditering av ph.d.-studiet «*Helse, funksjon og deltaking*», og tilsegnet til akkreditering av det fjerde ph.d.-studiet i «*Responsible innovation and regional development*». Dette er avgjerande bidrag til realiseringa av ambisjonen om å verte eit universitet i 2023.

Universitetsambisjonen krev kvalitet i alle ledd. HVL har høge ambisjonar for utdanningskvalitet, FOU-basert utdanning, gode studiemiljø og engasjerte studentar. Kvaliteten i utdanningane ved HVL skal sikrast gjennom systematisk arbeid med forbetring og vidareutvikling, og i 2018 har høgskulen arbeidd aktivt med å få på plass eit felles system for systematisk arbeid med kvalitet i utdanningane.

Styret er særst nøgd med at gjennomstrøyminga på bachelor- og masterutdanningar ligg godt over snittet for statlege institusjonar og at fleire av HVL sine studentar reiser ut i verda som del av si utdanning. Styret er òg nøgd med at fleire utdanningar ved HVL er blant dei best likte i landet, og at tilbakemeldingane i Studiebarometeret jamt over er gode. Likevel har HVL forbetringspotensiale på fleire område.

Innanfor forskning var 2017 eit godt år med tilslag på fleire store forskingsprosjektet. I 2018 var den eksternt finansierte verksemda lågare sjølv om HVL framleis har fått tilslag på store prosjekt. Til dømes er høgskulen tildelt 8 millionar kroner til forskning på fysisk aktivitet i barnehagar, og 12 millionar kroner til forskning på framtidens musikk lærarutdanning. Styret merkar seg at det blir lagt ned mykje arbeidsinnsats i søknadsarbeid og at det blir satsa på kvalitet og relevans i søknadsskrivinga, men forventar ein høgare suksessrate i komande år. Ei auke i den eksternt finansierte verksemda er ein kritisk suksessfaktor for at HVL skal kunne nå sine målsettingar.

Styret ser det òg som positivt at ein større del av dei tilsette har førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse, men for å kunne nå målet om universitetsstatus må denne innsatsen trappast opp ytterlegare i åra som kjem.

Ein ny og samla fleircampus organisasjon

Det låg i fusjonsavtalen at det skulle byggast ein ny, samla organisasjon der studiestadane skulle vidareutviklast slik at den regionale rolla blir teken betre vare på. 2018 har vert det første ordinære driftsåret for dei fire fakulteta og for HVL som fleircampus institusjon.

Årsrapport 2018-2019 Høgskulen på Vestlandet

Alle dei fire fakulteta er organisert på tvers av fleire campus. Og alle har i 2018 arbeida med å vedta sin første strategi. I 2019 skal det opprettast fakultetsråd for alle dei fire fakulteta. Desse råda skal vere rådgjevande for dekan i strategiske avgjersler og ha ei brei samansetning av tilsette, studentar og eksterne.

Campusråda vart etablert og kom i drift i 2018. Campusråda skal arbeide for å få levande campus og ha særskilt merksemd på behov innan utdanning, forskning og formidling som er relevant for den aktuelle campusen eller nærregionen. Dei skal òg vere eit rådgjevande organ for å sikre gode arbeidsmiljø for studentar og tilsette på gjeldande campus.

Medan den faglege organiseringa var på plass frå 1.januar 2018, tok det noko lenger tid å få på plass den administrative organiseringa. Den administrative strukturen vart vedteken i høgskulestyret i mars 2018. Den nye administrative organisasjonen vart først gjeldande frå 1.januar 2019. Derfor er det først i 2019 at HVL sin organisasjonsstruktur er komplett.

Ein fusjon er krevjande, ikkje berre i kroner og øre, men også for alle tilsette som er involverte. Å sjå til at dei tilsette har gode arbeidsmiljø prega av deltaking og medverknad vil vere ein kritisk suksessfaktor for å bygge ein ny og samla organisasjon. Styret merkar seg at HVL har svært mange kompetente og omstillingsdyktige medarbeidarar.

Den regionale rolla på Vestlandet

Dialogen med omgjevnadane viser at dei tidlegare institusjonane har hatt ein sentral posisjon i sine nærregionar , og at heile regionen har store forventningar til den nye høgskulen. Det står heilt sentralt for høgskulen å kunne innfri desse forventningane. Samstundes skal HVL som fusjonert institusjon ytterlegare styrke sin posisjon og si regionale rolle ved å kunne sjå heile Vestlandet under eitt.

HVL utdannar mange kandidatar med viktig kompetanse for Vestlandet sitt arbeids- og næringsliv. I 2018 blei det avlagt nærmare 11 500 60 studiepoengseiningar. Det er fullført omkring 5000 studium på ulike nivå, og blant desse er 3 000 kandidatar frå gradsgivande program på bachelor- eller masternivå. HVL har òg eit omfattande FoU-samarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet, og høgskulen driv formidlingsverksemd som strekkjer seg langt ut over vitskapelege kanalar og arenaer. Kunnskapen er i bruk og til nytte i regionen.

Styret har store forventningar til strategi for studieportefølje, samordning av utdanningane og meirverdiane som kan haustast som følgje av desse prosessane.

Fusjonar tek mykje intern merksemd og det tek tid å bygge ein ny organisasjon. Det interne og eksterne blikket må balanserast i ein slik fase. Likevel har det blitt brukt mykje tid og ressursar i 2018 på å halde god kontakt med omverda, både regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Når heile den faglege og administrative organisasjonsstrukturen er etablert og implementert har styret høge ambisjonar for dette viktige arbeidet.

HVL har gitt NIFU oppdraget med ei følgjeevaluering av fusjonen og vil følgje resultatane frå evalueringa tett gjennom det komande året.

Viktige prioriteringar i 2019

I strategien til HVL er det skissert fire innsatsområde som krev særskild merksemd for at vi skal kunne nå måla våre. Desse innsatsområda er

- kompetanseutvikling
- internasjonalisering
- organisasjonsutvikling og samhandling
- digitalisering

I budsjettet for 2019 blir styret sine strategiske midlar i stor grad nytta innanfor desse innsatsområda.

Styret er samstundes oppteken av at HVL må arbeide for eit betre økonomisk handlingsrom til å realisere gevinstane og potensiale som ligg i innsatsområda. Det kan skje gjennom å sikre god studentrekruttering på både bachelor, master og ph.d.-utdanningar, god gjennomstrøyming og høg forskingsproduksjon, slik at inntektsgrunnlaget blir godt.

I 2019 vil styret ha særskild merksemd på

- etablering av universitetsprosjektet og internasjonaliseringsprosjektet
- studentrekruttering og gjennomstrøyming på alle nivå
- samordning av utdanningar på tvers av campus
- campusutvikling
- vidare utvikling av den regionale rolla til HVL
- eksternt finansiert forskning i samarbeid med samfunns-, næringsliv og offentleg sektor
- kompetanseheving for å løfte fleire til førstestilling og professor-/dosentstilling
- digitalisering både i administrasjon og fagleg verksemd
- deltaking, medverknad og arbeidsmiljø

Dato 06.03.19



Arvid Hallén (styreleiar)



Aina Berg



Sissel Johansson Brenna



Gunnar Birkeland



Cecilie Fredheim



Kari Kjenndalen



Thomas Reite



Tom Skauge



Karoline Lester Turøy



Marit Ubbe



Trond Ueland



Gunnar Yttri



Christine Øye

Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen på Vestlandet har i overkant av 16 000 studentar og omkring 1680 tilsette (årsverk). Høgskulen er organisert i fire fakultet, og har undervisning og FoU-verksemd på fem campusar i tre nærregionar.

Kunnskap som bygger menneske og samfunn

I 2018 vedtok høgskulestyret den overordna strategien for HVL for 2019-2023. Den slår fast at høgskulen skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. «Kunnskap som bygger menneske og samfunn» er den overordna visjonen til HVL. Den siktar til at vi i utdannings, forskning og utviklingsarbeid skal skape ny kunnskap og kompetanse, forankra internasjonalt og omsett til løysingar som verkar lokalt.

Strategien framhevar prioriterte faglege satsingsområde som skal vere gjennomgåande perspektiv for verksemda til HVL, samtidig som dei er fordjupingsområde for forskning og utdanning:

- Ansvarleg innovasjon
- Berekraftig utvikling
- Danning
- Folkehelse
- Profesjons- og arbeidslivsretting
- Sikkerheit
- Teknologi

HVL ønsker å setje spor både nasjonalt og internasjonalt og vere ein pådrivar i utviklinga av Vestlandsregionen, med eit breitt

spekter av yrkesnære utdanningar. Høgskulen er også ein betydeleg aktør nasjonalt, med den største lærarutdanninga i landet, flest heiltids barnhagelærarstudentar, den største ingeniørutdanninga etter NTNU, og ei av dei tre største sjukepleiarutdanningane. HVL er også ein av dei tre utdanningsinstitusjonane som tilbyr maritim utdanning.

Eit viktig mål for HVL er å vidareutvikle studiestadene tett på studentar og arbeidsliv slik at den regionale utviklingsrolla blir tatt betre vare på. Ved å sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt, skal HVL svare betre på dei omstillings- og endringsbehova som vil komme, gjennom å skape nye, breiare og spissare tilbod.

Breitt studietilbod på ulike nivå

HVL har ei brei og solid studieportefølje med 46 bachelorprogram, 38 masterprogram og 4 ph.d.-program i opptaksåret 2019. Utover dette har HVL ei rekkje kortare studium og eit mangfaldig tilbod av etter- og vidareutdanningar.

Nøkkeltal HVL 2018

Tal på studentar: 16 160

Årsverk: 1683

Total omsetning i 2018:

2 147 554

Budsjett KD 2018:

1 951 016



Styring og leiing

HVL har ekstern styreleiar og tilsett rektor. Styret har 13 medlemmer no, men vil ha 11 frå hausten 2019. I tillegg til styreleiar er fire andre medlemmer av styret oppnemnde av Kunnskapsdepartementet.

HVL har gjennomgåande einskapleg leiing. Det inneber at rektor er fagleg og administrativ leiar. Rektoratet består av rektor og tre prorektorar. Desse har fagleg og strategisk ansvar for sine område. Dei tre prorektorane har ansvar for kvar sitt funksjonsområde på tvers av institusjonen, og dei har ansvar for kvar sin nærregion. I tillegg har HVL to direktørar; organisasjonsdirektør og direktør for økonomi og arealforvaltning. Det er knytt ulike administrative tenester til dei to direktørane. Leiargruppa til rektor består av dei tre prorektorane, dei to direktørane og dei fire dekanane.

Dei fire fakulteta


- Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI): Ca. 6 350 studentar på campus Sogndal, Bergen og Stord
- Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS): Ca. 4 500 studentar på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
- Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN): Ca. 3 250 studentar på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
- Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS): Ca. 2 100 studentar på campus Sogndal, Bergen og Haugesund

Alle fakulteta er campusovergripande, og alle ber store profesjonsutdanningar: lærarutdanningar, sjukepleiarutdanningar, sosialfaglege utdanningar, ingeniørutdanningar, og økonomisk-administrative utdanningar. Alle fakulteta har tilbod på bachelor- og masternivå. I tillegg har to fakultet eigne ph.d.-program «Computer Science: Software Engineering, Sensor Networks and Engineering Computing» (FIN) og «Danning og didaktiske praksisar» (FLKI). Eit fakultet deltek i ein felles ph.d.-grad om «Nautiske operasjonar» (FØS). I 2019 har HVL fått akkreditert ph.d.-programmet «Helse, funksjon og deltaking» (FHS) og fått tilsegn på akkreditering av det tverrfakultære ph.d.-programmet «Responsible Innovation and Regional Development».


Organisasjonskartet

I 2018 fullførte HVL etableringa av den nye organisasjonen. 1.1.2018 var den nye fakultetsstrukturen verksam, medan det gjekk føre seg eit omfattande arbeid heile året med utforming av den administrative strukturen, både felles- og fakultetsadministrasjonane. Dette arbeidet enda i ein ny administrativ organisasjonsmodell, der alle administrativt tilsette blei innplassert i ein heilskapleg bemanningsplan i løpet av dei to siste månadane i året. Den nye administrasjonsstrukturen var verksam frå 1.1.2019.

Årsrapport 2018-2019 Høgskulen på Vestlandet



Fellesadministrasjonen



Kapittel III Årets aktiviteter og resultat

Resultat på nasjonale styringsparametrar

Tabellen nedanfor viser resultatutviklinga på dei nasjonale styringsparametrane frå 2016 til 2018. Dei ulike parametrane er nærmare kommenterte under dei einssilde verksemdsmåla.

	Resultat for 2016	Resultat for 2017	Resultat for 2018	Gj.snitt statlege institusjonar 2018	Sjå nærmare omtale på side
Andel bachelorgradkandidater som gjennomfører på normert tid	56,3	56,6	58,1	47,7	36
Andelen mastergradskandidater som gjennomfører på normert tid	64,4	56,3	65,13	50,2	36
Skår på hvordan studentene oppfatter studiekvaliteten	4	4	4	4	38
Faglig tidsbruk (timer) per uke blant heltidsstudenter	35,2	34,3	32,7	34,4	38
Antall publikasjonspoeng per faglig årsverk	0,48	0,53	Kjem i april	Kjem i april	-
Verdien av Horisont 2020-kontrakter per FoU-årsverk	4367,7	-	-	-	-
Andel utreisende utvekslingsstudenter på Erasmus+ av totalt antall studenter	0,49	0,55	0,64	1,1	31-32
Andel mastergradskandidat sysselsatt i relevant arbeid et halvt år etter fullført utdanning	-	89,3	-	-	15
Bidragssinntekter fra Forskningsrådet per faglig årsverk (1000 kr)	43,8	43	42,1	157	19
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per faglig årsverk (1000 kr)	105,1	105,7	94	143	17
Andel forskningsinnsats i MNT-fag	-	31	-	-	Ikkje omtala
Antall studiepoeng per faglig årsverk	615	600	579,6	428,7	36
Andel kvinner i dosent- og professorstillinger	37	41,3	41	31	Sjå vedlegg
Andel midlertidig ansatte i undervisnings- og forskerstillinger	14,6	13,4	13,2	16,8	13
Kandidatmåttal på helse og lærarutdanningar	Sjå tabell på side 37				

Tabell 1: Resultatutvikling nasjonale styringsparameter 2016-2018

Måleparameter i utviklingsavtalen

Tabellen gir ein oversikt over alle måleparameter og milepålar i utviklingsavtalen med KD. HVL arbeider med å få på plass gode system for registrering av data på dei einssilde parametrane og det vil ikkje vere mogleg å talfeste alle parameter i denne årsrapporten. Status og utvikling på dei einssilde måleparametrane er nærmare omtalt i rapportdelen.

Måleparameter eller milepålar utviklingsavtala	Resultat for 2017	Resultat for 2018
Ømfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid	Sjå vurdering på side 15	
Aktive Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar	Sjå vurdering på side 15	
Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga)	89,3 ¹	88 % ² Sjå omtale på side 15
Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus	Sjå vurdering på side 15	
Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet	Sjå vurdering på side 16	
Talet på delte stillingar med arbeidslivet	Sjå vurdering på side 16	
Talet på førstekompetente/professorar og dosentar ³	51 % /11,7 %	53,2 %/12,5 % Sjå omtale på side 22
Talet på internasjonale professor II-stillingar	23 ⁴	20 ⁵ Sjå omtale på side 24
Talet på offentleg-ph.d. og nærings-ph.d. i doktorgradsprogramma	0	1 Sjå omtale på side 24
Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet	Sjå vurdering på side 25	
Gjort forskinga relevant for FNs berekraftsmål	Sjå vurdering på side 25	
Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB	Sjå vurdering på side 34	
Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar	-	46 % ⁶ Sjå omtale på side 39
Talet på nettstøtta utdanningar	Sjå vurdering på side 40	
Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse	Sjå vurdering på side 38	
Bachelor- og masteroppgåve skreve i samarbeid med arbeidslivet	Sjå vurdering på side 40	

Tabell 2: Måleparameter og milepålar i utviklingsavtala

¹ NIFU undersøkinga. Bli sendt ut 6 mnd etter uteksaminering. Gjeld berre masterstudentar

² [Kandidatundersøkinga frå studie til jobb på Vestlandet](#) Utarbeid på oppdrag frå Saman råd og karriere. Undersøkinga blei sendt ut i perioden august – september 2018 til kandidatar uteksaminert i 2016. Gjeld både bachelor og masterkandidatar.

³ Tal henta frå NOKUT portalen og baserer seg på talletidspunkt 1.10.17 og 1.10.18

⁴ Per 010118

⁵ Per 010119

⁶ Delen skriftlege digitale eksamenar

Verksemdsmål 1: HVL skal vere ein samla organisasjon

I året som gjekk har det vore lagt ned mykje arbeid i etableringa nye organisasjonseiningar, og å gjere HVL til ein samla organisasjon.

I årsplanen for 2018 har HVL hatt hovudfokus på følgjande tiltak:

- Ferdigstille og setje i verk heile den faglege og administrative organisasjonsstrukturen
- Legge til rette for å bygge felles kultur, gode arbeidsmiljø og utvikle sterke faglege og administrative fellesskap i og på tvers av organisatoriske einingar og nærregionar
- Satse på leiarutvikling for å ruste nye leiarar for utfordrande oppgåver i ein ny organisasjon
- Gjennomføre strategiprosess på institusjons- og fakultetsnivå
- Vidareføre og vidareutvikle satsinga på digitalisering med vekt på infrastruktur, systemtilrettelegging og digital kompetanseheving
- Sette i gang eit arbeid med å etablere eit system for digital verksemdsstyring
- Utvikle og innføre eit leiarsystem for informasjonstryggleik og gjennomføre tilpassingar til ny personvernlovgiving

Relevante nasjonale styringsparameter


- Delen mellomtels tilsette i undervisning- og forskarstillingar

Strategiprosess

Arbeidet med strategi for HVL starta i november 2017. Det blei arrangert dialogmøte med eksterne samarbeidspartnarar og fleire frukostmøte ved alle campus, der både studentar og tilsette var inviterte. Utkastet til strategien vart sendt ut på høyring før sommaren 2018, og «Strategi for HVL 2019 – 2023» vart vedteken i styret i september.

I tillegg til den overordna strategien, har fakulteta kvar sin strategi. Desse skal bygge opp under den overordna strategien. Prosessane har gått delvis parallelt med dialog mellom dei ulike strategigruppene. Fakultetsstrategiane for helse- og sosialvitskap og økonomi- og samfunnsvitskap vart vedtekne i desember 2018, medan strategiane for dei to andre fakulteta var i slutfasen ved overgangen til nytt år.

Prosessane i strategiarbeidet har vore viktige med tanke på å bygge ein kultur for samhandling på tvers av einingar i organisasjonen og har slik sett spela ei viktig rolle i organisasjonsbygginga i HVL.



Bygging av struktur og kultur

Den faglege strukturen med fakultet og institutt blei vedteken hausten 2017, og var gjeldande frå 1.1.2018. Den administrative strukturen blei vedteken i høgskulestyret 8. mars 2018. Prosessen med innplassering i stillingar har vore styrt av Omstillingshandboka for Høgskulen på Vestlandet. Det blei laga bemanningsplanar og gjennomført kartleggingssamtalar før vedtak på slutten av året. Den nye administrative organisasjonen vart gjeldande frå 1.1.2019.

Å bygge felles kultur og leggje grunnlag for god samhandling på tvers av geografi og tidlegare strukturar er viktig for å lukkast med å bli ein samla organisasjon. Dei nye administrative einingane var ikkje klare før på slutten av året, og det er såleis i hovudsak i dei faglege einingane ein har hatt fokus på bygging av felles kultur og utvikling av fellesskap i 2018. Fakulteta sine eigne strategiprosessar har bidrege til felles forståing av mål og retning for verksemda. I tillegg har mange institutt gjennomført eigne instituttsamlingar i løpet av året, kor nettopp utvikling av felles kultur og samhandling på tvers av tidlegare strukturar og geografi har vore sentrale tema. Mange av dei nyetablerte administrative einingane gjennomfører no tilsvarende einingssamlingar med same tema.

I etableringa av den administrative verksemda for HVL er det vald organisatoriske løysingar som skal sikre berekraftige og breitt samansette kompetansmiljø. Hovudtyngda av dei administrative ressursane er lagt til eit fellesadministrativt nivå, og organisert i avdelingar med monaleg stort tal tilsette. I vidare utvikling av dei administrative tenestene vil vi ha merksemd på at det fellesadministrative nivået er tett kopla til fagmiljøa dei stettar, at vi har ein samanheng mellom administrative ressursar i fellesadministrasjon og fakultet, og at vi sikrar ei heilskap utvikling av dei administrative tenestene.

Den administrative organiseringa skal vidare sikre tilstrekkeleg kapasitet på viktige strategiske område. Til dømes er hovudtyngda av dei administrative tenestene knytt til internasjonalisering organisert saman med forskingsadministrasjonen, for å nytte synergjar og moglegeheiter til vidare utvikling av internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid. I fakulteta er det etablert HR-stillingar som skal ha eit særleg ansvar for strategisk bemanningsplanlegging og kompetanseutvikling. Desse vil vere viktige ressursar i det vidare arbeidet med kompetanseutvikling.

Samanlikna med andre høgskular og universitet har HVL ein låg del administrativt tilsette per fagleg tilsett. Ut frå tala i KD sin tilstandsrapport, var HVL sin del faglege stillingar pr. administrativt årsverk på 3,28 i 2017, og har truleg auka til 3,34 i 2018. Gjennomsnittet for statlege UH-institusjonar var 2,7 i 2017. Dette viser at HVL både har auka forholdstalet dei to siste åra, og at avstanden til gjennomsnittet for statlege UH-institusjonar har auka. I funksjons- og bemanningsplanar for administrasjonen vart det identifisert behov for å styrke kapasiteten og tilsette kompetanse vi ikkje har i dag. Styret prioriterte i budsjettet for 2019 midlar til å auke den administrative kapasiteten.

Campusråda vart etablerte og kom i drift i 2018. Campusråda skal arbeide for å få levande campus og ha særskild merksemd på behov innan utdanning, forskning og formidling som er relevant for den aktuelle campusen/nærregionen. Dei skal også arbeide for gode arbeidsmiljø for studentar og tilsette på gjeldande campus.

Leiarutvikling

I 2018 har HVL utvikla og sett i verk ein heilskapleg plan for strategisk utvikling av leiing og leiarar i høgskulen. Planen gjeld for heile strategiperioden 2019-2023. Porteføljen av opplærings- og utviklingstiltak omfattar leiaropplæring, leiarsamlingar, leiarutviklingsprogram, leiargruppeutvikling og kollegarettleiing for leiarar. Tiltaka er utvikla for å gje ei systematisk og heilskapleg tilnærming til opplæring og utvikling som treff leiarar på tvers av roller og nivå i høgskulen og leiingssystemet. Slik vil leiarutviklingstiltaka sette våre leiarar betre i stand til å utøve leiing i det daglege, ha strategiske mål for auge og samstundes utvikle eit felles grunnlag og system for leiing ved HVL.

Digitalisering

Digital infrastruktur, tenlege systemløyningar og naudsynt kompetanseutvikling er samverkande tiltak for digitalisering. Den grunnleggande infrastrukturen, nettverk og serverar, er god, men treng kontinuerleg merksemd. Nasjonale digitaliseringsinitiativ i sektoren blir sette i samheng med krav til institusjonelle tiltak. For å kunne handtere desse utfordringane er det sett i verk arbeid for å standardisere prosjektgjennomføring og styring av prosjektporteføljen. Eins utstyr i møte- og undervisningsrom er sentralt for å bygge heilskap og effektivisere arbeidet. Utfordringane her har vore merkbare – men blir no handterte etter at ny leverandøravtale er på plass. Tilsette ved HVL har teke i bruk nye digitale løyningar i stort monn, men det er framleis behov for å styrke kompetanse og å integrere løyningar for å kunne hauste forventa gevinstar.

Den nye personvernforordninga er innført gjennom eit arbeid i det interne informasjonssikkerheitsforumet, som har representantar frå alle administrative einingar. Leiarar og teknisk-administrativt tilsette har fått tilbod om eit 3-timarskurs i personvern retta mot arbeidsoppgåvene i si eining, som majoriteten har delteke på. HVL har elles arbeidd med å få alle naudsynte databehandlaravtalar på plass. Delar av leiarsystemet for informasjonstryggleik er etablert, og det er lagt konkrete planar for å få det fullført innan 2019. Meir informasjon om dette i kapittel 4.

Resultatutvikling på relevante nasjonale styringsparameter

Mellombels tilsette

Talet på mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar i 2018 er identisk med året før, på litt over 13 %. Dette er framleis under gjennomsnittet for UH-sektoren på landsbasis. HVL var førebudde på at tal mellombels tilsette ville auke under fusjonsprosessen, men auken vart mindre enn venta i første omgang. I teknisk-administrative stillingar har bruk av mellombelse stillingar auka meir som venta. Del mellombels tilsette i sakshandsamar/utredar-stillingar auka frå 16,7 % i 2016 til 20,1 % i 2017. Dette har truleg samheng med at HVL valde å vente med utlysing av faste stillingar til innplassering i administrative stillingar var gjennomført. Eksakte tal for 2018 vert publisert i DBH i løpet av våren, men ein intern gjennomgang viser at dette talet truleg har auka noko meir i 2018. Dette har vore ein krevjande situasjon og ført til ekstra belastning for mange tilsette.

HVL ser det som viktig å halde talet på mellombels tilsette lågast mogleg både innanfor fag og administrasjon. Dette er ein viktig del av arbeidet med å sikre solide og berekraftige fagmiljø og administrative tenester. Likevel vil det alltid vere behov for nokre mellombels tilsette. Vakansar oppstår når tilsette får forskarstipend eller har permisjon av andre grunnar. Det hender også at HVL må tilsette mellombels i stillingar som i utgangspunktet var tenkt som faste, fordi formalkompetansen i søkarmassen er for låg til å tilsette fast. Ny administrativ struktur frå 1.1.2019 og auke i tal administrative stillingar gjev grunnlag for å redusere delen mellombels tilsette i sakshandsamar/utredar-stillingar i 2019. HVL vil følgje problemstillinga tett i tida framover.

Verksemdsmål 2: HVL skal gjennom utdanning, forskning, innovasjon og samhandling bidra til berekraftig utvikling på Vestlandet

HVL har i fusjonsavtalen og i den nye utviklingsavtalen med KD forplikta seg til eit tett samarbeid med regionalt samfunns- og næringsliv og offentleg sektor med mål om å vere ei drivkraft i og for ei berekraftig utvikling på Vestlandet. For at HVL skal vere ein attraktiv, og føretrakt samarbeidspartnar, må kunnskap som vert produsert gjennom forskning, utdanning og formidling, vere relevant og halde høg internasjonal kvalitet. Dei tre tidlegare institusjonane kan vise til eit mangeårig og godt samarbeid med arbeids- og næringslivet i sine nærregionar. Det er viktig at desse relasjonane og dei regionale føremonane som dei tidlegare institusjonane hadde, blir tekne vare på. Samtidig skal HVL som fusjonert institusjon ytterlegare styrke sin posisjon og regionale rolle ved å kunne sjå heile Vestlandet under eitt.

I årsplanen for 2018 har HVL hatt hovudfokus på følgjande:

- Utvikle gode system og strukturar for å kunne hente inn og kartleggje informasjon om kompetansebehova i Vestlandsregionen
- Bidra i arbeidet med regionale kompetanseplanar
- Utvikle gode system for delte stillingar
- Gjennomføre kandidatundersøking saman med studentsamskipnaden og andre utdanningsinstitusjonar

System og struktur for samhandling

Den nye høgskulen har ei utfordring med både å ta vare på gamle samhandlingsarenaer og nettverk mellom dei gamle høgskulane og arbeids- og næringslivsaktørar i sine nærregionar, og etablere nye møteplassar og kanalar som sikrar heilskapsperspektivet og til dels erstattar gamle strukturar. Etablering av ein ny organisasjon, slik HVL har gjennomgått i 2017 og 2018, vil alltid medføre ei utfordring om å ta med seg kunnskap frå tidlegare og sikre intern utveksling og samhandling rundt denne oppgåva. Den nye organisasjonen er såleis det fremste forsøket på å utvikle gode system og strukturar. Utfordringa knytt til gode system for kartlegging av kompetansebehova er sett på den interne dagsorden ved høgskulen, mellom anna gjennom rapporten «Høgskulen på Vestlandet i eit samhandlingsperspektiv», som blei behandla i Strategisk leiargruppe 31. mai.

Relevante nasjonale styringsparameter

- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH) i 1000 kr
- Del mastergradskandidatar sysselsatt i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning

Mål i utviklingsavtalen 2018-2020

Høgskulen skal styrke praksisnær utdanning og forskning og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfaglig samarbeid er berende element.

Måleparameter

- Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid
- Aktive Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar

HVL vil stimulere til økt relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep.

Måleparameter

- Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga)
- Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus
- Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet
- Talet på delte stillingar med arbeidslivet

Måleparameter i utviklingsavtalen

Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid

Det er laga ei oversikt over nettverk og klynger HVL deltar i, som ein del av arbeidet med Innovasjons- og entreprenørskapsmeldinga høgskulestyret fikk til det første styremøte i 2019. Denne oversikta blir supplert med andre samarbeidsarenaar fakulteta deltar i, og dette vil samla danne referansepunktet for rapportering i åra som kjem.

Aktive råd for samarbeid med arbeidslivet og utvikling av strategiske møteplassar

Dei tre råda for samarbeid med arbeidslivet (RSA) var viktige forum for kartlegging av kompetansebehova og for arbeidet med regionale kompetanseplanar. Kompetanseforum Hordaland (midlertidig) fått funksjon som det nye RSA for HVL, felles med Universitetet i Bergen. Dette forumet ser ut til å bli tildelt ei tydelegare rolle på dette området med etablering av det nye fylket Vestland. Her ligg det ei utfordring for HVL at ikkje Haugesund-regionen er dekkja av forumet. Her er det eit spørsmål om HVL har tapt noko kontakt med aktørar i nærregionane ved fjerninga av dei gamle RSA. Dette er ei kompleks problemstilling, sidan HVL har mange samarbeidsarenaar for ulike samarbeidspartnarar. Som eitt tiltak for å møte denne utfordringa, blei det i 2018 vedtatt at det skal vere eksterne representantar i fakultetsråda.

Kandidatar i relevant arbeid

Heile 88 prosent av kandidatane frå HVL seier dei har fått seg relevant arbeid innan to år etter at dei blei ferdige med studia. Den store kandidatundersøkinga til Saman blir gjennomført om lag annakvart år og måler tilfredsheita til kandidaten to år etter at dei avslutta studia, for kandidatar frå HVL, UiB og NHH.

Kandidatundersøkinga vart sendt ut til kandidatar som vart uteksaminerte frå dei tre fusjonerte høgskulane i 2016. Undersøkinga viste at det er nokre variasjonar mellom dei ulike utdanningsområda, der teknisk/økonomiske fag har ei større grad av arbeidsløyse enn dei andre profesjonsretta faga. Majoriteten av kandidatane meiner også at utdanninga har gitt dei tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheiter til å mestre jobben dei har, og over 60 prosent ville ha valt same studieprogram dersom dei skulle ha valt utdanning på nytt.

NIFU si kandidatundersøking er noko snevrare og tar for seg masterkandidatar eit halvt år etter fullført utdanning. Undersøkinga vert gjennomført annakvart år. Tala for 2017 viste at HVL scora tredje høgast (etter Norges handelshøgskule og VID vitenskapelege høgskule) på kandidatane si vurdering av utdanninga si relevans for arbeidslivet.

Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid tvers av campus

I 2018 er det arbeida med tverrfaglegheit i studieløpa, både med sikte på campusutvikling og samarbeid med arbeidsliv i nærregionane. Dette arbeidet kviler tungt på det systematiske arbeidet med kvaliteten i utdanningane som er nedlagt i 2018.

Eit viktig tiltak for å styrke samarbeid og deling av kompetanse og læringsressursar, samt styrke kvaliteten på høgskulekandidatane, er etableringa av eit felles innføringsemne ved



HVL-kandidatar er fornøgde med jobbane sine

Faksimile frå hvl.no: Kandidatundersøkinga

kvart fakultet – examen facultatum. Ei arbeidsgruppe ved høgskulen leverte ein rapport om dette i desember 2018, som tilrådde å bygge opp slike emne.

Utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet

Arbeidslivet sine ønske og behov er ein sentral faktor i alle utdanningar ved HVL. Representantar for eksterne partnarar er med plangruppene når høgskulen opprettar nye eller reviderer utdanningar. HVL har ein omfattande portefølje i utdanningar for etter- og vidareutdanning og oppdragsverksemd. Fleire av desse er tilbod for studentar over heile landet, men hovudtyngda er utvikla mot næringslivsaktørar og offentleg verksemd i regionen. Fleire av tilboda er ein del av nasjonale satsingar, for eksempel Yrkesfaglærløftet, Kompetanse for kvalitet og Lærarspesialistordninga. HVL er ein stor aktør i desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen og regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen. I 2018 fekk HVL også nasjonale oppdrag på vegne av Utdanningsdirektoratet med å etablere nettverk for UH-sektoren knytt til begge ordningane.

Når tilbod blir utvikla i tett samarbeid med eksterne aktørar, kan det ta lang tid frå første planlegging til igangsetting. Det er difor vanskeleg og til dels misvisande å gi eksakte tal på nye tilbod for eitt spesifikt kalenderår. Til dømes har utvikling av studietilbodet Maritime Management i 2018 skjedd i samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, NTNU, UiT Norges arktiske universitet og Høgskulen på Vestlandet, og startar som ein pilot hausten 2019. Dette tilbodet kan sjåast på som resultat av tett samarbeid med maritim sektor over tid. Eit anna eksempel er avtalen som blei inngått i 2018 med Kystverket om kurs i pedagogikk som skal gjennomførast i løpet av våren 2019 for opplæringsansvarlege ved Kystverkets sjøtrafikksentralar.

Eksempel på nye utdanningar i samarbeid med arbeidslivet i 2018 er

- strategisk analyse og planlegging på oppdrag for Framo
- arbeidsleiarskulen på oppdrag for Addisco
- vurdering av barnets beste på oppdrag for Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet
- ROS-, beredskaps- og førebyggjande analyse på oppdrag for Skien kommune
- leiarutdanning på oppdrag for Vanylven kommune.

Delte stillingar

2018 har også blitt brukt til å kartleggje omfanget av delte stillingar mellom HVL og andre arbeidslivsaktørar. Det står att å få etablert rutinar for rapportering og oversikt over delte stillingar.

Dei delte stillingane kan delast inn i tre kategoriar:

- a) Reelt delte stillingar, dvs. dei som har fleire arbeidsgivarar
- b) Bistilling/sidegjeremål i arbeidslivet på topp av 100 prosent stilling ved HVL
- c) Kombinerte stillingar, dvs. dei som er frikjøpte for å jobbe delar av stillinga i arbeidslivet/praksisfeltet.

Dei tala vi har på desse kategoriane er ikkje fullstendige, men vi ser at det er flest av kategori-b-stillingar, altså tilsette som har bistillingar/sidegjeremål i arbeidslivet. Stillingar innan kategori a og c finst primært på fakultet for helse- og sosialvitskap, mens nokre tilsette i fakultet for ingeniør- og naturvitskap jobbar i reelt delte stillingar i kategori a.

Resultatutvikling på relevante nasjonale styringsparameter

Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH) i 1000 kr*

Tala for andre bidrags- og oppdragsinntekter viser ein nedgang frå 2017 til 2018. Hovudårsaka her er nok at samordning av utdanningar og ph.d.-søknadar har tatt svært

mykje tid både administrativt og fagleg, og at det har gitt mindre fokus på ny eksternt finansiert aktivitet. Ein annan faktor her er at auka i talet på vitenskapleg tilsette ved HVL primært gjeld rekrutteringsstillingar, og desse har ikkje "annan oppdrags- og bidragsfinansierte aktivitet" som ei hovudoppgåve. Dersom stipendiatar ikkje hadde vore ein del av dette berekningsgrunnlaget ville tala vore 118 for 2017 og 112 for 2018 (1000 kroner). Altså eit noko mindre avvik.

Styringsparameter	2016	2017	2018
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	105,1	105,7	94

Tabell 3: Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (1000 kr). Kjelde: KD-portalen

Verksemdsmål 3: HVL skal ha fleire nasjonale og internasjonale FoU-miljø som støttar opp under universitetsambisjonen

HVL har eit overordna strategisk mål om å bli eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivretta profil som set spor både nasjonalt og internasjonalt. Kjenneteikna på universitetet skal vere praksisnær forskingsinnretting og profesjons- og arbeidslivsretta forskingsprogram på tvers av studiestadane saman med samfunns- og næringsliv. Dette er eit sentralt mål i både fusjonsavtalen og utviklingsavtalen med KD.

Ein auke i den eksterne forskingsfinansieringa er ein kritisk suksessfaktor for å heve kompetansen, styrke FoU-arbeidet, bygge nettverk nasjonalt og internasjonalt, og ikkje minst for å skape eit større økonomisk handlingsrom for å realisere universitetsambisjonen. Det er lagt vekt på at forskarane kan og må søkje meir eksterne forskingsmidlar, m.a. frå Norges forskingsråd og Horisont 2020.

Utvikling og etablering av ph.d.-programma er også heilt sentralt i det vidare strategiske arbeidet. HVL er avhengig av fleire rekrutteringsstillingar og må aktivt jobbe for å målrette bruken av rekrutteringsstillingane inn mot eigne program. Gjennomstrøyming av ph.d.-studentar i dei etablerte programma er eit viktig fokus. Ein har og arbeida for å leggje til rette for bruk av nærings-ph.d. og offentleg-ph.d. ordningane i utviklinga av ph.d.-programma, og ha god dialog med våre samarbeidspartnarar om desse ordningane.

HVL har eit mål om å involvere studentar i FoU-arbeid, og oppmodar forskarar til aktiv involvering av masterstudentar i eigne FoU-prosjekt.

I årsplanen for 2018 har HVL hovudfokus på følgjande:

- Leggje til rette for å auke den eksternt finansierte FoU-verksemda
- Organisere, dimensjonere og auke kompetansen i dei administrative støttetenestene på ein måte som støttar opp under universitetsambisjonen
- Jobbe for å auke talet på KD-finansierte og eksternt finansierte stipendiatstillingar, og målrette bruken av rekrutteringsstillingar inn mot eigne ph.d.-program
- Etablere og vidareutvikle ph.d.-programma
- Etablere samarbeid og dialog med næringsliv og offentleg sektor om ordninga med nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.
- Etablere eit strategisk kompetansehevingsprogram
- Oppmode forskarar til aktiv involvering av masterstudentar i FoU-prosjekt

Relevante nasjonale styringsparameter

- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk i 1000 kr
- Tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk

Mål i utviklingsavtalen 2018-2020

HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse og professor og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetansen skal byggast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.

Måleparameter

- Talet på førstekompetente, professorar og dosentar
- Talet på internasjonale professor II-stillingar
- Talet på offentleg-ph.d. og nærings-ph.d.

HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon

Måleparameter

- Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet
- Gjort forskinga relevant for FNs berekraftsmål

Resultatutvikling på relevante nasjonale styringsparametar

Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk

Ei auke av den ekstern finansierte verksemda krev fleire søknader, og ei auka deltaking i prosjekt finansierte av offentlege og private finansieringskjelder i regionen, nasjonalt og internasjonalt. Auke av oppdragsforskning er også ei aktuell kjelde for å utnytte forskingspotensialet i HVL ytterlegare. Ekstern finansierte forskning vert også ei viktig kjelde for kompetanseheving, internasjonalisering og utvikling av faglege nettverk.

Bidragsinntekter fra Forskningsrådet per fagleg årsverk (1000 kr)	2016	2017	2018
HVL	43,8	43	42,1

Tabell 4: Resultatutvikling på bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk (1000 kr). Kjelde: KD-portalen

Bidragsinntekter frå NRF er eit godt mål på omfang av ekstern finansierte verksemd. Tala viser ein relativ stabilitet frå tidlegare år, med ein svak nedgang i 2018, til tross for store ressursar som leggst ned. Resultatet er rimeleg bra samanlikna med andre høgskular. Men samanlikna med universiteta, og sett i lys av universitetsambisjon, ligg HVL for lågt.

Ei samansetting av søknadsaktivitet til Noregs forskingsråd (NFR), i perioden 2015-2018, syner ein aukande trend av søknadar, men med ei relativ utflating av resultat. 2018 har noko lågare tal på finansieringssøknader, og også noko lågare utteljing. 2017 var eit eksepsjonelt godt år med god utteljing på fleire, og svært store, søknader. Positivt er at utviklinga stadfestar ei stor interesse og vilje blant dei fagtilsette for å kome i gang med ekstern finansierte forskning. Mangfaldet av forskingsidear er stort, og det leggjast ned store ressursar og innsats for å nå fram i ein skarp konkurranse. At me får mange avslag tyder på at det må fokuserast enda meir på kvalitet og relevans i søknadene.

År	Tal deltaking i NFR	Løyving	Suksessrate	Omfang NFR støtte	Løyving (mill NOK)	Finansiell suksessrate
	Søknader			Søknader (mill NOK)		
HVL 2015	31	9	29,00 %	186.5	38.6	20.7%
HVL 2016	52	12	23,10 %	468.0	40.5	8.7%
HVL 2017	51	12	23,50 %	443.3	92.4	20.8 %
HVL 2018*	44	8	18,20 %	410.9	46,2	11,2%

Tabell 5: Søknadsaktivitet og suksessrate i 2018 samanlikna med dei siste åra (HVL som prosjekteigar). *mellombelse tal då det pt. framleis er søknader frå 2018 som evaluerast. Kjelde: Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon, HVL

Forskningsprosjekt er i sin natur tidsavgrensa. Det samla talet på aktive prosjekter vil derfor variere frå år til år. Ei oppteljing av gjeldande kontraktar med NFR visar at HVL i 2018 har kring 27 aktive eigarprosjekt finansierte av forskingsrådet (Kjelde: Prosjektbanken, NFR).

Tabell 6 viser nye prosjekttildelingar i 2018.

Program	Prosjekttipe	Prosjekt	Fakultet	Løyving
FRIPRO	Forskerprosjekt	ACTNOW	FLKI	8 000 000

FINNUT	Institusjonsforan kra strategisk prosjekt	FUTURED	FLKI	12 000 000
Forny2020	StudEnt	Playwell	FIN	1 000 000
EnegiX	Arrangement støtte	Advanced materials	FIN	100 000
Helsevel	Annen støtte	PRICARE	FHS	850 000
Helsevel	Arrangement støtte	CA17117	FHS	100 000
STIM-OA	Annen støtte	Publiseringsfond	FA	270 000

Tabell 6: Nye prosjektlovingar i 2018 frå Norges forskingsråd (NFR) og Regionalt forskingsfond (RFF), HVL som prosjekteigar. Kjelde: Avdeling for forskning, internasjonalsisering og innovasjon, HVL

Det er også lagt ned mykje ressursar med prosjektsøknader til internasjonale finansieringskjelder. I all hovudsak er HVL partnar i desse prosjekta. Ei oppteljing syner at HVL var deltakar i 15 finansieringssøknadar til H2020, og var koordinator/prosjekteigar i 6 av desse.

Tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk

Publiseringsaktiviteten for 2018 blir offentleggjort i april månad, og kan ikkje kommenterast her. I 2017 rapporterte HVL til saman 682 vitenskaplege publikasjonar til NVI. Dette utgjer ein klar auke frå 2016, då tilsvarande tal var 577. I 2017 utgjer dette i publikasjonspoeng 571,9. Mens det tilsvarande talet for 2019 var 489,6. Altså ei markant auke i produserte publikasjonspoeng. Prosentdelen for forfattarandelar nivå 2 var 10,9 prosent, det same forholdstal som året før. I publikasjonspoeng og del av totalt tal poeng utgjer nivå 2 publikasjonane 163,2/29 prosent. Delen for nivå 2 publikasjonar er forholdsvis lågt. Her kan det vere grunnlag for ei auke. Når det gjeld internasjonalt samforfattarskap, utgjer desse 265 publikasjonar i 2017 mot 255 i 2016. Del av totalt tal publikasjonar er 40 prosent i 2017 mot 53 prosent i 2016.

Etablering av ph.d.-studium

I 2018 har HVL hatt to søknader om akkreditering av nye ph.d.- studium til handsaming hos NOKUT. Desse er særskilt viktige for institusjonen si vidare utvikling og strategiske mål.

Responsible Innovation and Regional Development

Etter NOKUT si oppnemning av sakkyndig komité i februar 2018 har søknaden vore gjenstand for ei grundig og omfattande evaluering gjennom året. Denne evalueringa kulminerte med NOKUT-styret sitt vedtak 6.februar 2019 om godkjenning av ph.d-studiet. Det vart gitt atterhald om tilsetning på professornivå innan fagfeltet "Sustainability transitions", innan eit år.

Utdanninga skal vere ei framtidsretta forskarutdanning og gje innhald knytt til regionale utfordringar. Den skal støtte opp om arbeidslivsretta og profesjonsretta utdanningar i ei breidde som dekkjer heile den faglege utdanningsporteføljen ved HVL.

Helse, funksjon og deltaking

Dette studiet skil seg frå ein generell helsefagleg ph.d. ved å vere tematisk avgrensa til å ta for seg samanhengen mellom helse, funksjon og deltaking, med opning for svært mange disiplinære tilnærmingar.

Programmet legg til rette for at nesten alle høgskulens helse- og sosialfagutdanningar, i tillegg til studentar med ein idrettsfagleg bakgrunn, no kan gå vidare og ta ein doktorgrad. Programmet fekk gode tilbakemeldingar på den tverrfaglege profilen og fekk godkjenning av NOKUT 6. februar 2019.



HVL vil etter etablering av dei nye ph.d.-studia ha 4 eigne ph.d.-studium som er ein særskilt viktig milepæl for universitetsambisjonen.

Faksmile frå www.hvl.no: Sentrale personar som har jobba med ph.d. soknaden i helse, funksjon og deltaking får blomsterhelsing av dekan. Frå venstre; Marjolein M. Iversen (professor), Tobba T. Sudmann (professor), Alice Kvåle (prodekan for forskning) og Randi Skår (dekan)

Registrerte ph.d-studentar, HVL	2017		2018	
	V	H	V	H
Semester				
Danning og didaktiske praksisar	26	33	33	38
Datateknologi /Computer Science			12	15
Nautiske operasjonar	11	11	11	11
Helse, funksjon og deltaking	S	S	E	E
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling	S	S	E	E

Tabell 7: Registrerte ph.d.-studentar ved HVL. Kjelde: FS (S: Soknadsprosess, E: Evalueringsprosess)

Stipendiatstillingar

Prinsipp for fordeling av 83 faste KD-finansierte stipendiatstillingar mellom fakultet og HVL sentralt, er fastsett i 2018 (leiarmøte 15.05.18), og følgjande målretting er lagt til grunn for fordelinga:

“Rekrutteringsstillingane skal støtte opp under HVL sin universitetsatsing med omsyn til akkrediteringskrava som vert stilt til i forhold til rekruttering av kandidatar og gjennomstrøming i eigne phd-program”.

For å følgje opp denne målrettinga har institusjonen fastsett at 1) kvart studium skal ta opp minst 15 stipendiatar i løpet av 5 år etter oppstart, og oppretthalde eit stipendiatmiljø på minst 15 (rekrutteringskravet) kandidatar, og, at 2) to av doktorgradsstudia kan vise til at dei uteksaminerer i snitt minst 5 doktorandar i året (gjennomstrøymingskravet). Fastsettinga er basert på ei analyse av når og kor mange stipendiatstillingar med fast KD-finansiering som blir ledige ved HVL fram til og med 2021. Ved utgangen av 2018 er den interne fordelinga av KD-stillingane:

- 24 stillingar til FLKI, ph.d.-området studiar av danning og didaktiske praksisar
- 24 stillingar til FIN, ph.d.-området i datateknologi
- 15 stillingar til FHS, ph.d.-området helse, funksjon og deltaking
- 15 stillingar til FØS, ph.d.-området ansvarleg innovasjon og regional utvikling

- 5 stillingar til FØS, ph.d.-området nautiske operasjonar

HVL har andre stipendiatstillingar med ulike finansieringsgrunnlag. Slik vil det også vere vidare. Ein tar sikte på ei auke også av desse.

Ph.d.-studia fokuserer på å legge til rette for kandidatane sin arbeidssituasjon, slik at flest mogleg kandidatar gjennomfører på normert tid. Mellom anna er det lagt vekt på at kandidatane ikkje blir utsette for meir pliktarbeid enn påkravd (4-årig ph.d.-løp), samt at system skal vere på plass for å følge opp kandidatane, og med særskilt oppfølging av dei kandidatane som av ulike årsaker vert forsinka i gjennomføringa. Så langt er det etablert felles rutinar for framdriftsrapportering, med fast oppfølgingssamtale med rettleiar.

Normal åremålsperiode for stipendiatar er fire år inkl. eit års pliktarbeid (KD), der det fjerde året blir tatt frå fakultetsbudsjettet, eventuelt 25 prosent av full stilling som takast frå fakultetet gjennom heile 4-års perioden. For eksternfinansierte stipendiatstillingar er det ope for ulik praksis med omsyn til fireårige eller treårige stillingar, då det kjem an på finansieringa. Med omsyn til tidspresset både for den enskilde stipendiat, men også med omsyn til strategiske mål, vil det vere viktig å fokusere på tidlege og effektive rekrutterings- og tilsettingsprosessar for å sikre dekning av alle ledige stillingsheimlar raskt.

Kompetanseheving mot universitet

Et sentralt mål i utviklingsavtalen er å arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse og professor- og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetansen skal byggast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentlig sektor.

Førstekompetanse og professor/dosentkompetanse

Som dei førre åra, var det også i 2018 ei auke i talet på faglege årsverk ved HVL. Dette speglar det auka aktivitetsnivået i fakulteta. Samtidig ser vi at også at auken i del av faglege tilsette med førstestilling- og professor/dosentkompetanse held fram.

	Resultatutvikling HVL				
	2014	2015	2016	2017	2018
Faglege årsverk (inkl. stipendiatar) totalt	916	964	1030	1088	1106
Prosentdel årsverk professor- og dosentstillingar	7,7	10,0	10,3	11,7	12,5
Prosentdel årsverk førstestillingskompetanse	42,1	45,3	47,9	51	53

Tabell 8: Utvikling førstekompetanse. Kjelde: NOKUT-portalen

Fakulteta ved HVL blei etablert frå 1.1.18 og derfor har vi berre tal frå dette året. Tabell 9 viser oversikta over delen førstekompetanse i fakulteta.

	Førstekompetanse i fakulteta 2018	
	Del førstekompetanse	Del professor/dosent
FLKI	49,3	11,3
FHS	45,4	10,8
FIN	66,8	15,2
FØS	61,8	17

Tabell 9: Førstekompetanse i fakulteta. Kjelde NOKUT-portalen

Fakulteta jobbar godt med kompetansekartlegging og kompetanseheving for vitskapleg tilsette knytt til studieportefølje og universitetsambisjon. Det eksisterer ulike stipend og program i karrierestigane, mellom anna interne strategiske midlar, dosentkvalifiseringsstipend, professorkvalifiseringsstipend, forskarstipend, stipendiatstillingar, førstelektorprogram i tillegg til generell FoU-tid.

Stipendiatsatsinga er viktig for HVL, og ein aukande del av stipendiatar blir tekne opp i eigne ph.d.-program ved HVL. Alle disputasar er så langt gjennomførte ved andre institusjonar. Talet på avlagde ph.d.-disputasar er gått ned samanlikna med 2017, medan dei to andre opprykkskategoriane hadde ei auke. Når det gjeld toppkompetanse var utviklinga god med 11 tilsette som fekk opprykk til professor og 8 til dosent. 14 tilsette fekk opprykk til førstelektor i 2018.



Faksmile frå www.hvl.no: Markering av tilsette som fekk opprykk i 2018

	2016	2017	2018
Avlagte disputasar for ph.d.-grad ^[1]	14	14 (25 ^[2])	13(16 ^[2])
Opprykk professor/dosent	11	5	11+8
Opprykk førstelektor	9	10	14

Tabell 10: Utviklinga av talet på tilsette med opprykk i HVL. Kjelde: SAP, HVL ^[1] Gjeld disputasar der HVL har hatt hovudarbeidsgivaransvar i stipendiatperiode. Inkluderer ikkje disputasar ved utanlandske institusjonar. ^[2] Tal i parentes er alle disputasar med HVL som arbeidsgivar på disputastidspunkt.

Som ein institusjon med profesjons- og arbeidslivsretta profil er det nødvendig å kunne dokumentere forskingskompetanse, utdanningsfagleg kompetanse og praksiskunnskap knytt til praksisfeltet. Sidan HVL har mange praksisretta utdanningar er det viktig å ha ein brei samansett kompetanse blant vitskapleg tilsette. Ein strategisk plan for kompetanseheving vil kunne seie noko om framtidige rekrutteringsbehov og opprykksmoglegheiter, og gi ein peikepinn på kor HVL kan satse på rekruttering og kor ein heller bør satse på intern kompetanseheving.

I 2019 vil HVL samle og samkøyre kompetansehevingstiltak og behova slik at ein har ei god oversikt på verksemdsnivå og veit kva område det bør satsast ekstra på. Dette programmet vil også omfatte kartlegging av teknisk-administrative tilsette sin kompetanse og høve til kompetanseheving.

Offentleg ph.d. og nærings-ph.d.

Arbeid retta mot nytting av ordninga i 2018, har handla om intern mobilisering av tilsette gjennom å skape intern kunnskap om ordninga, så dei tilsette kan vidareformidle moglegheitene i ordninga gjennom eksternt samarbeid og nettverk. Ordninga er også drøfta og formidla gjennom råd og utval med arbeidslivsrepresentantar. Aktuelle verksemdar må ha økonomiske ressursar til å finansiere sin del i ordninga (dei resterande 50 prosent av ei full stipendiatstilling), at dei har eit forskingsbasert utviklingsfokus i si verksemd, og sjølvstøtt at dei har motiverte tilsette som ønskjer å gå denne karrierevegen. HVL har i 2018 hatt dialogar med fleire verksemdar i heile «HVL-regionen», og det er prosessar i gang i fleire verksemdar der ein forsøker å legge til rette for at tilsette kan kome inn på ph.d.-programma ved HVL gjennom denne ordninga. Ordninga gir verksemdene eit godt incitament til å arbeide fokusert mot utfordringar og problemstillingar dei har behov for å løyse. I 2018 er den første offentlege sektor ph.d.-kandidaten teken opp på ph.d.-programmet i «Studiar av danning og didaktiske praksisar». Kandidaten er tilsett i Bergen kommune. Det er håp om at fleire av prosessane initiert i 2018 vil ende med opptak til ph.d.-program ved HVL i 2019. I mange tilfelle krev dette relativt tunge og tidkrevjande interne prosessar. Søknadsutforminga til forskingsrådet kan også vere krevjande. For dei individuelle kandidatane er det også ei krevjande fase, då dei må utvikle ei prosjektskisse på eit ph.d.-nivå, samstundes som dei har full stilling i verksemda.

Offentleg ph.d. Bergen kommune .

"Skrive seg til læring med digitale verktøy, med fokus på elevers medvirkning i læringsprosessene i matematikkfaget". Phd-program "Danning og didaktiske praksisar".

Internasjonale professor II-stillingar

Per 1.1.2019 har HVL 20 tilsette i professor II-stilling som har hovudarbeidsstad i utlandet. Dette er ein liten nedgang frå 1.1.2018.

Internasjonale professor II-stillingar	2017	2018
Tal på internasjonale professor II	23	20
Del internasjonale professor II av totalt tal på professor II (%)	34,4	35,3

Tabell 11: Internasjonale professor II. Kjelde: SAP, HVL



Forskning på berekraft og berekraftig utvikling

I utviklingsavtalen har HVL eit mål om å aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon

Involvering av masterstudentar i FoU-prosjekt

Involvering av masterstudentar i FoU-prosjekt inneber at studenten får moglegheit til å delta i eit forskingsprosjekt ved HVL og får gjennomført og skrive masteroppgåva si som del av HVL-prosjektet. Masterstudentar vil i dei fleste tilfelle utgjere ein god ressurs for eit forskingsprosjekt. Forsking er i sin natur i stor grad ein samarbeidsprosess, og det vil også gi studentane god meirverdi å kunne arbeide saman med fagpersonar, og/eller i eit tett samarbeid med ein prosjektleiar.

Ei kartlegging gjennomført i fakulteta viser ein omfattande praksis med mange gode eksempel på masterstudentar som bidrar i både ekstern finansiert forskning og intern finansiert forskning. Frå og med 2019, vil dette vere mogleg å telle, ved at studentane skal registrere desse opplysingane i samband med eksamensoppmelding.

Gjere forskinga relevant for FN's berekraftsmål

HVL har mål av seg å vere ein «Berekraftinstitusjon», som er eit av tre hovudsatsingsområder i HVL sin strategi. Det vil mellom anna seie at berekraftsmåla skal reflekterast i all verksemd, og i alle einingar, ved HVL – i utdanning, forskning og dagleg drift. HVL-strategien stadfestar at «Berekraft handlar om vårt felles globale ansvar både for dei som lever i dag og dei som kjem etter oss. Med breidda i faga våre er alle dei 17 berekraftmåla som FN har sett, relevante for oss. HVL skal vere ei drivkraft for berekraftig utvikling». HVL vil kunne oppnå ein strategisk posisjon, eller fordel, ved å bli leiande på berekraftsfeltet blant norske utdanningsinstitusjonar. Det vil kunne styrke rekrutteringsevna.

Arbeid med berekraft blir dermed sentralt i både utdanning og forskning, og i anna formidling ved HVL. Sentralt i utdanningane i den forstand at kandidatar på alle nivå skal utvikle haldningar og intellektuell ballast relatert til berekraft, og som dei vil praktisere i si vidare yrkeskarriere. Sentralt i forskning i den forstand at HVL gjennom forskning skapar ny kunnskap som kan bidra til å løyse utfordringane knytt til berekraftsmåla. Det er i denne samanheng mange eksempel på aktuelle forskingsprosjekt ved HVL.

Eit døme på berekraft knytt til forskning, er to nye EU-prosjekt i 2018, DECOMTOOLS (Interreg) og COMETS (H2020), der HVL er partnar. Prosjekta har begge som hovudmål å skape ny kunnskap relatert til berekraftsutfordringar. Eit anna døme på berekraft knytt til forskning, er forskingssenteret BARNKUNNE. Senteret er finansiert av Forskringsrådet med inntil 24 millionar kroner over 5 år. Senteret blei etablert i

Involvering av masterstudentar i FOU-prosjekt (døme frå fakulteta)

FLKI: Det er meldt inn 11 oppgåver knytte til masterprogrammet i idrettsfag, forskingsprogrammet IFAK, Idrett, fysisk aktivitet og kosthald

FHS: Ved master i jordmorfag er mange studentar inkludert i forskningssamarbeid. Eit eksempel her er to studentar som i 2018 deltok i eit større migrasjonsprosjekt. Være studentar studerte somaliske kvinner og deira erfaring med svangerskapsomsorga i Norge.

FIN: «Klimatilpassing i kommunar i Sogn og Fjordane», «Kjoleeffektivitet av vanndråper som blir påført til en varm overflate av rustfritt stål» og «Fortetting i praksis. Metoder og analyser som grunnlag for helhetlig planlegging på Skjoldskiftet, Bergen.»

FØS: To studentar skriv oppgåva si knytt til EU-prosjektet «Decommissioning of offshore wind parks».

HVL mottar støtte til forskning på berekraftig bruk og fjerning av vindturbinar.

Høgskulen på Vestlandet er en partnarane i eit prosjekt som skal forske på gjenbruk og eventuell fjerning av havvindturbinar. Det er gjennom Interregs Nordsjøprogram, DecomTools prosjektet ved Campus Haugesund mottar støtte. Totalbudsjettet er på 4,7 millionar euro.



Døme på berekraftig forskning

2018, og har høge ambisjonar om å utvikle ny kunnskap, innsikt og handlingar for ei meir sosialt rettferdig og økologisk berekraftig framtid - for og med barnehagesektoren.

Sentralt i satsinga på berekraft ved HVL, er også formidlinga av kunnskapen og verdiane overfor einskildmenneske, samfunnet og omverda. Døme på formidlingsaktivitet, og strategisk posisjonering, er mellom anna Forskingsdagane, og HVL som årleg arrangør av sin eigen Berekraftkonferanse. Denne vart første gong arrangert 18.-19.april 2018, og vil vere ein årleg konferanse ved HVL.



Berekraftig utvikling ved HVL – kor står vi, kor går vi?

Hensikta med den årlege konferansen er å auke vår kunnskap om berekraft, diskutere korleis vi ønsker at berekraft skal forankrast ved HVL og å synleggjere aktivitetar knytt til berekraft for våre kollegaer, på tvers av fakultet og campus. Målet er at dette vil gi inspirasjon til tverrfagleg samarbeid og vidare strategisk arbeid.

Verksemdsmål 4: HVL skal prioritere internasjonalt forskings- og innovasjonssamarbeid og aktivitet, i tillegg til å auke internasjonalisering av utdanningane heime og ute

Fusjonsavtalen stadfestar at HVL skal vere offensiv internasjonalt gjennom forpliktande opplegg for mobilitet i alle utdanningssyklusar, ha fleksible ordningar for tilsettmobilitet og vere synleg internasjonalt gjennom auka ekstern finansiering av utdanning og forskning.

I 2018 blei satsinga på prioriterte område innan EU og Horisont 2020 intensivert. For at HVL skal lykkast med den internasjonale satsinga må vi i endå større grad enn tidlegare tenke internasjonalt om aktivitetane våre, både i den faglege delen av verksemda, men også rigge dei administrative støttenestene for å kunne ta imot Horisont 2020-prosjekt, internasjonale utdanningsprosjekt, og tåle revisjonar frå EU.

HVL kan i 2018 vise til auke i delar av den internasjonale mobiliteten, men ligg framleis lågare enn snittet for statleg sektor. I 2018 er innsatsen styrka for at endå fleire av studentane våre vel å reise ut i verda, og for at endå fleire internasjonale studentar vel HVL og Vestlandet som sin destinasjon.

I årsplanen for 2018 har HVL hatt hovudfokus på følgjande:

- Intensivere satsinga på prioriterte område innan EU og Horisont 2020
- Sette i gang eit prosjekt for internasjonalisering av heile verksemda
- Styrke og målrette tiltak for å auke den internasjonale mobiliteten i utdanningane, spesielt Erasmus+

Relevante nasjonale styringsparameter KD

- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (NFR/NIFU) i 1000 €
- Andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)

EU og Horisont 2020

Å oppnå suksess med EU-søknader krev kunnskap og erfaring. I kombinasjon med prosjektutvikling blei det gjennomført ei rekke aktivitetar og tiltak som skal bidra til å auke EU-kompetansen. Dette består av kurs, workshops, seminar, søknadsstøtte samt reiser til partnarmøte, informasjonsdagar og reiser til Brussel for leiarar og administratorar.

Dei fagleg tilsette har hovudansvaret for å skrive EU-søknader, men rådgjevarar i Avdeling for forskning og internasjonalisering er tett involverte i søknadsutviklinga (H2020 søknader, Erasmus+ samarbeidssøknadar (KA2) og Erasmus+ mobilitetsøknadar (KA1) mm). HVL har sett av strategiske midlar i 2018 for satsing mot deltaking i H2020 og etablert ei stimuleringsordning for satsing mot deltaking. Tildeling av midlar til frikjøp av personale har vore gjort fortløpande. Det kan søkast om inntil 150 000 kr per prosjektsøknad til frikjøp av fast tilsett personale, og er særleg aktuelt for søknadsarbeid der HVL er koordinator. Denne ordninga vart nytta for koordinatorprosjekta OURKID og CGC SPACE.

I samband med utvikling av søknader til H2020 ser vi at det løpar på seg ei rekke utgifter til reiser og møteverksemd med konsortiedeltakarar. Forskingsgrupper, enkeltforskarar og administrativt tilsette har behov for å delta på ulike europeiske arenaer for å presentere idear, bygge nettverk og få innpass i konsortia etc. Bruk av PES-midlar til dette formålet senker terskelen til slik aktivitet og er med på å styrke søknadsarbeidet.

HVL er med i Horisont Vest som er eitt av fleire EU-nettverk i Norge finansiert av Forskningsrådet (1,5 mill kr). Det har mellom anna resultert i mange søknader til H2020 frå klynger på Vestlandet. HVL ønsker å bygge nettverk for deling av administrative ressursar og

kompetanse på søknadsskriving med andre høgskular, institutt, helseforetak og universitet. Som ein del av dette deltar HVL i prosjektet «Forsterka satsing på Horisont 2020 i Hordaland» som er eit samarbeid mellom Bergen Teknologioverføring (BTO), Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Forskningsrådet Hordaland, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune med målsetting om å styrke det regionale arbeidet med mobilisering til Horisont 2020.

HVL har sidan 2017 vore medlem i European University Association (EUA). EUA har hovudkvarter i Brussel med over 850 medlemsinstitusjonar i 47 europeiske land med over 17 millionar studentar. EUA er ein interesseorganisasjon som er til stades i Brussel og representerer og driv lobbyverksemd for medlemmene sine interesser når det gjeld utviklinga av europeisk politikk, europeiske program og økonomiske verkemiddel. HVL er medlem av Stavangerregionens Europakontor (SRE) og Vest Norges Brusselkontor (VNB). Det har vore fleire medlemsmøte ved disse kontora, blant anna deltok rådgjevarar frå HVL i fleire av deira arrangement under Cities and Regions i Brussel i oktober 2018. Kontora bidrar til å gi betre innpass og posisjonering for HVL i Europa.

HVL deltar saman med Universitetet i Bergen, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Innovasjon Norge om ein Smart cities søknad, med Bergen kommune som vertskommune. Det er eit omfattande arbeid der det er bestemt å arbeide mot frist i 2020. Forskarar ved HVL har i auka grad blitt involverte i søknaden og har saman med rådgjevar frå forskingsadministrasjon deltatt i ei rekke møter lokalt og i utlandet.

HVL er "Grant holder"/koordinator for nettverksprosjekt "Towards an International Network for Evidence-based Research in Clinical Health Research". Som koordinator er HVL både vitskapleg og administrativ leiar for prosjektet som varer i 4 år (oktober 2018-2022). Midla går i hovudsak til netverksaktivitetar for 34 deltakarar frå medlemsland i EU og andre partnerar frå USA, Canada og Libanon. Prosjektet har støtte på 130 000€ for første «grant period» 17.10.18-30.04.19 og på 174 000€ for andre «grant period» frå 01.05.19- 30.04.20. Beløp for resterande del av prosjektet (2020-2022) er ikkje fastsett. Oppstartsmøte vart arrangert i Brussel 17.oktober 2018.

Prosjekt som var i drift eller vart innvilga med EU-finansiering i 2018 var følgande:

Program kortnavn	Prosjekt kortnavn	Prosjektnavn	Rolle	SUM (Løyving)
SOCIETY	MOVE	Mapping mobility – pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe Prosjektet vart avslutta i 2018	Partner	286 012€
CAREER	CREATIONS	CREATIONS - Developing an Engaging Science Classroom Prosjektet vart avslutta i 2018	Partner	100 000€
LEIT - ICT	COEMS	Continuous Observation of Embedded Multicore Systems	Partner	746 435€
ERA-NET Cofund Smart Cities and Communities	SPACERGY	Space-Energy patterns for smart energy infrastructures, community reciprocities & related governance	Partner	1 819 000 NOK
ERA-NET SUSFOOD 2	SUSCHOICE	SUSCHOICE	Partner	2 400 000 NOK
INTERREG - North Sea	DECOMTOOLS	Decommissioning toolbox	Partner	4.700.000€
EUROSTARS-2	CaliSonic	Ultrasonic and physical elimination of Caligidæ sea lice from salmon fish farms	Partner	770 000 NOK

LC	COMETS	Collective action Models for Energy Transition and Social Innovation	Partner	531 543,75 €
COST Action	EVBRES	Towards an International Network for Evidence-based Research in Clinical Health Research.	Koordinator	130 000,- NOK 174 000,- NOK
Erasmus+ KA1		Mobility with partner countries	Koordinator	287 507 EUR
Erasmus+ KA1		Mobility with programme countries	Koordinator	51 516 EUR
Erasmus+ KA2 Strategic Partnership	SciTalk	Natural Science Talk in Teacher Education	Koordinator	259 595 EUR
Erasmus+ KA2 Strategic Partnership	EISEN	Building the Implementation workforce for health and social care	Koordinator	377 206 EUR
Erasmus+ KA2 Strategic Partnership	PREP	Physiotherapy and Refugees Education Project	Koordinator	328 925 EUR
Erasmus+ KA2 Strategic Partnership	TIM	Theater in Mathematics	Partner	446 536 EUR (totalt)
Erasmus+ KA2 Sector Skills Alliance	DISH	The Digital & Innovation Skills Helix	Partner	86 785 EUR (HVL)

Tabell 12: EU prosjekt i 2018. Kjelde: Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon, HVL

Prosjekt som er avslutta i 2018 er mellom anna H2020 prosjekta CREATIONS og MOVE.

KD/NIFU har publisert resultat på styringsparameteret «Verdien av Horisont 2020-kontrakter per FoU-årsverk» og derfor er ikkje dette kommentert.

Internasjonal mobilitet

HVL har jobba målretta med student- og tilsettmobilitet på fleire område.

Tilsettutveksling

I likskap med tidlegare år blei midlar til tilsettmobilitet lyst ut via HVL si interne nettside og alle søknadar blei behandla under eitt. I 2018 blei det tildelt Erasmus+-mobilitetsstipend til 68 tilsette, mot 71 stipend i 2017. Vi er nøgde med å ha klart å halde oppe denne aktiviteten, samstundes som tilsette har vore opptekne med arbeid knytt til fusjonen.

Studentmobilitet

Det administrative støtteapparatet har jobba med å utvikle felles rutinar og prosedyrar for studentmobilitet. Det er etablert ei faggruppe for mobilitet og utvekslingsavtalar (Avd. FINT), som har eit overordna ansvar for arbeid med student- og tilsettmobilitet og som skal samarbeide tett med fagmiljøa og fakultetsadministrasjonane. Det blir kontinuerleg jobba med nettsidene for å informere på best mogleg måte om tilboda vi har for mobilitet, både til utreisande- og tilreisande studentar. I tillegg til nettsider blir informasjonsmøte, internasjonale dagar og sosiale medium brukt som informasjonskanalar for å nå ut med informasjon til studentane. Det administrative støtteapparatet har tett dialog med fagmiljøa og dedikerte internasjonale faglege koordinatorar/fagmiljø for å gi best mogleg informasjon og støtte til studentane. Fleire studieprogram har også eigne informasjonsmøte og har ansvar for førehandsgodkjenning av emne før mobiliteten startar.

Stadig fleire fagmiljø søker DIKU om midlar til utdanningssamarbeid og mobilitet av studentar, til dømes gjennom InternAbroad-programmet. Dei innvilga prosjekta legg til rette for auka bruk av internasjonal praksismobilitet. For mange studentar er det å kunne

kombinere studiepoenggivande praksis med studiar i utlandet, og slik opparbeide seg verdifull erfaring frå eit internasjonalt arbeidsliv, eit attraktivt tilbod. HVL fekk tilslag på to prosjekt i 2018, eitt innan Bachelor i sjukepleie ved campus Haugesund, og eitt innan Master i spesialpedagogikk (deltidsstudium) ved campus Sogndal. Andre prosjekt som også har gitt godt utbyte når det gjeld utreisande studentar i 2018 er NOTED-prosjekta, som FLKI fekk innvilga i 2017. Det var totalt 8 studentar som reiste ut gjennom NOTED-prosjekt i 2018.

Program	Prosjektnavn	Rolle	SUMi(NOK)
UTFORSK Brasil	Modern Refactoring - Forlenging av eit to-årig prosjekt	Koordinator	599 510
Russlandsprogrammet	Russian-Norwegian cooperation in teacher education: how to use IT in mathematics education as a tool to solve exploratory problems	Koordinator	298 040
InternAbroad	International cooperation - mutual competence raising	Koordinator	300 000
InternAbroad	HVL-BSU cooperation to benefit students	Koordinator	300 000
INTPART	Developing entrepreneurial mind-sets across cultures: A Norway – South-Africa collaboration	Partner	746 278
SUM	Verdien på kontraktar i NOK		2 243 828

Tabell 13: Utdanningsprosjekt DIKU 2018. Kjelde: Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon, HVL

Resultatutvikling på relevante nasjonale styringsparametrar

Utreisande studentar Erasmus +

Tiltaka som er gjort med studentmobilitet på over 3 månadar har gitt ein auke frå 342 utreisande studentar i 2017 til 377 i 2018 (sjå tabell under). Det har også vore ein auke i Erasmus+-studentar, frå 79 i 2017 til 91 i 2018. Tilsvarende var det 207 HVL-studentar på mobilitet på under 3 månadar i 2018.

	UT		INN	
	2017	2018	2017	2018
Erasmus+	79 (0,55)	91 (0,64)	233	195
Andre program	263	286	44	45
Totalt HVL	342	377	277	240

Tabell 14: Studentmobilitet over 3 mnd. Kjelde: DBH

Totalt ser vi ein auke i talet på utreisande studentar, samanlikna med fjoråret. Delen av utreisande studentar på Erasmus+ av det totale talet på studentar i prosent var i 2018 0,64, noko som er ei lita auke frå 0,55 i 2017. Samanlikna med snittet for akkrediterte høgskular ligg vi over, men snittet er lågare enn for universiteta.

Del utreisande utvekslingsstudentar alle program av totalt tal studentar	2017	2018
HVL	2,4	2,6
Statlege høgskular	1,9	2,1
Universitet	3,0	2,9

Tabell 14: Del utvekslingsstudentar av totalt tal studentar. Kjelde: DBH (avrunda tal)

I fjor, som i året før, var det flest studentar som reiste på utveksling frå FHS, totalt 135. Bachelor i sjukepleie var det studieprogrammet som sende ut flest studentar. Dei fire mest

populære utvekslingslanda for HVL-studentar i 2018 var Australia, USA, Zambia og Tanzania. Dei tre mest populære institusjonane var Queensland University of Technology (Australia), San Diego State University (USA) og Griffith University (Australia).

Dei mest populære Erasmus-partnarane for utveksling var Københavns Professionshøjskolen (Danmark), Polytechnic University of Valencia (Spania) og VIA University College (Danmark).

Utreisande studentar 2018	Erasmus +	Totalt alle program
FLKI	20	90
FHS	40	135
FIN	20	90
FØS	10	55

Tabell 15: Utreisande studentar fordelt på fakultet 2018. Kjelde: FS

Innkomande studentar

Talet på innkomande studentar har falle med 13 prosent, frå 277 i 2017 til 240 i 2018. Samstundes er 81 prosent av de tilreisande studentane Erasmus+ studentar. Vi ser også ein liten prosentvis nedgang i Erasmus+ studentar, frå 84 prosent i 2017. Nedgangen vi finn blant Erasmus+-studentane er ikkje betydeleg, men samstundes er dette uheldig, på same måte som nedgangen i totalt tilreisande studentar. 2017 var eit «godt» år for tilreisande studentar, og kvifor tala har gått ned i 2018 er uvisst. Ein grunn kan vere at HVL ikkje har fokusert nok på å rekruttere internasjonale studentar. Dette er tiltak ein må fortsette å prioritere. I tillegg til eit apparat for rekruttering av internasjonale studentar, er gode partnerskap, brukarvenlege nettsider og utvikling av framandspråklege tilbod viktig. Dei tre landa som ligg på topp når det kjem til tilreisande studentar er Spania, Tyskland og Nederland. Det var Fakultet for Ingeniør- og naturvitskap som tok imot flest studentar i 2018, totalt 80.

Prosjekt for Internasjonalisering

I oktober 2018 fekk styret presentert ei Internasjonaliseringsmelding for HVL. Meldinga gav oversikt over internasjonalisering ved HVL innan

- studentmobilitet
- andre ordningar for internasjonalisering
- kopling mellom forskning og utdanning i internasjonalisering
- internasjonal rekruttering til vitenskaplege stillingar
- eksterne midlar til forskning og internasjonalt utdanningssamarbeid

Meldinga peika også på nokre sentrale utviklingsområde for HVL innan internasjonalisering. Det er planlagt at styret skal få ei årleg internasjonaliseringsmelding.

Eit internasjonaliseringsprosjekt som vil omfatte sentrale delar av HVL si verksemd er under etablering. Det er tenkt at prosjektet skal organiserast i fleire delprosjekt, knytt til mellom anna studentutveksling, internasjonalisering av programplanar, internasjonal rekruttering og synleggjering. Tiltaka i prosjektet er i hovudsak tenkt gjennomført i 2019 og 2020.

Verksemdsmål 5: HVL skal ha ei av dei leiande grunnskulelærerutdanningane i Norge

Høgskulen på Vestlandet har utvikla ei felles grunnskulelærerutdanning (GLU). Utdanninga er organisert på tvers av dei tre lærerutdanningscampusane Stord, Sogndal og Bergen. Alle leiarar er tilsette med campusoverskridande fagansvar.

Målet er at utdanninga skal gi eit breiare utdanningstilbod enn dei tidlegare institusjonane hadde kvar for seg. Høgskulen ønsker å tilby framtidsretta profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå, samt drive og utvikle ph.d.-program på sentrale fagområde. Ei internasjonal ekspertgruppe på oppdrag frå KD/NOKUT har vurdert utdanninga, og har særleg sett på korleis vi organiserer masteroppgåva.

I årsplanen for 2018 har HVL hatt hovudfokus på å

- tydeleggjere høgskulen sin profil på grunnskulelærerutdanningane
- utvikle profesjonsrettleiarrolla, for betre samarbeid med studentar og praksisskular, og betre relevans i utdanninga
- legge til rette for auka bruk av studentaktive læringsformer og digitale verktøy
- organisere «Vestlandsklassar» på tvers av fleire campusar
- legge til rette for auka internasjonalisering
- styrke rekrutteringsarbeidet, med særleg fokus på 1–7
- involvere studentane og skuleeigarar i vidareutviklinga av utdanningane
- førebu etableringa av lærerutdanningsskular
- styrke rettleiarcompetansen på masternivå og legge til rette for ei kopling mellom masteroppgåver i GLU og forskingsmiljøa
- førebu tilsyn i 2019

Mål i utviklingsavtalen 2018-2020

HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen om lærerutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare

Milepåle

- Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UIB

Rekruttering og opptak

Høgskulen har vore spesielt opptatt av rekruttering til GLU, særleg GLU 1-7, der opptakskrava gir rekrutteringsutfordringar. Tiltaka har vore: bruk av studentambassadørar frå GLU på messer og skulebesøk, digitale kampanjar i m.a. studievalg.no og sosiale medium, samt annonsering finansiert med eigne midlar. Førsteprioritets-søkjarane til GLU 1-7 på Stord og i Sogndal, samt GLU 5-10 på Stord, blei ringde opp av ein tilsett/studentambassadør i mai 2018.

Utdanning	Bergen	Stord	Sogndal	Samla
1-7	180 (170)	20 (15)	25 (20)	225
5-10	225 (180)	30 (40)	40 (55)	295
Samla	405	50	65	520

Tabell 16: Opptak til Grunnskulelærerutdanning 2018 (tal 2017 i parentes)

I Sogndal og på Stord fekk alle kvalifiserte søkarar opptak. Det er stor differanse mellom talet på utlyste plasser og studentar som møter opp på desse studiestadene. I den andre enden av skalaen finn vi matematikk- og samfunnsfagsstudia i Bergen, som har lange ventelister. Den gjennomsnittlege poengsummen for GLU 1-7 er på litt over 45 poeng, medan GLU 5-10 har eit snitt på nær 47 poeng. 520 studentar er tatt opp og har møtt (ordinært opptak og restetorg).

Gjennomføring av år 1 og 2

Frå 1.1.2018 har GLU fått si endelege organisering i Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), med studieprogramansvarlege og assisterande instituttleiarar for kvar av dei to utdanningane. Studieprogramansvarlege rapporterer til prodekan for utdanning, medan dei assisterande instituttleiarane rapporterer til instituttleiar.

Det har vore evalueringsseminar for utdanningane i mai og oktober 2018, der fagtilsette og administrativt tilsette møttest. I etterkant av desse er mellom anna profesjonsøktene gjort obligatoriske, grunna lågt framme, og det blir ei vidareutvikling av desse øktene inn mot 3. studieår.

Forskningsaktiviteten ved FLKI er først og fremst knytt til profilmrådet «Danning, kultur og samfunn». Vi bidreg til ny kunnskap som koplar faglege, kulturelle, nasjonale og internasjonale utfordringar i samfunnet til undervisninga ved fakultetet.

Det er oppretta prosjekt for internasjonalisering i GLU-masterutdanninga, som er delt opp i fire delprosjekt: 1. strategisk innretting og forankring, 2. internasjonalisering i studieprogramplanar, 3. internasjonalisering for fagleg tilsette og 4. studentmobilitet. Vårsemesteret 2020 er 6. semester for det første GLU-masterkullet og dette er den store milepålen då prosjektet må vere i hamn. FLKI har mottatt NOTED-middel frå DIKU til samarbeidsprosjekt i Durban, York, København og Cape Town, samt Utforsk-midlar til prosjekt i Durban, Beijing og Shanghai.

Når det gjeld digitalisering er målet at alle fagtilsette skal ha profesjonsfagleg digital kompetanse. Døme på dette er bruk av digitale undervisnings- og vurderingsformer som er fleksible og nettstøtta. Pedagogisk forskning ved hjelp av digitale ressursar og forskning på pedagogisk bruk av IKT i samarbeid med praksisfeltet, med særleg fokus på studentaktive læringsformer.

Ordninga med profesjonsrettleiarar som samordnar undervisninga ut over dei enkelte disiplin-faga vert vidareført. Utviklingsprosjekt for å utvikle undervisninga er vidareførte, og nye prosjekt, som m.a. er knytt til ei Vestlandsklasse, er i gong. Vidare er det sendt fem søknader til DIKU, der studentaktive læringsformer er hovudtema. Det er laga retningslinjer for overgangar mellom 4-årig og 5-årig lærarutdanning. Det varsla tilsynet frå NOKUT i 2019 er utsett, men det kjem eit tilsyn på GLU 1-7 på Stord.

Ekstra tildelingar

Supplerande tildelingsbrev juni 2017 kap. 281 post 01 midlar til utvikling og drift av partnerskap i grunnskulelærarutdanningane: gav 7,2 millionar kroner til utvikling og drift av partnerskap og oppfølging av praksisskular og digitalisering. Vi er i gong med partnerskap, medan arbeidet med lærarutdanningsskular så langt ikkje er starta. Midlane er vidareførte.

Supplerande tildelingsbrev 2018 kap. 226, post 21 studentrekruttering GLU 1-7. Fram mot opptaket i 2019 skal det gjerast ein ekstra innsats for å rekruttere til denne utdanninga. Arbeidet er i gong. Det skal m.a. lagast filmar som skal gå som kinoreklame på Vestlandet, annonsering i sosiale medium, samt annonsering for studiet gjennom heile søkeperioden. Vi ser også på kjønns- og etnisitetsdimensjonen i bruk av tekst og biletmateriale.

Supplerande tildelingsbrev - statsbudsjettet 2018 kap. 281 post 01 og 70 - midlar til forkurs for opptak til lærarutdanning. HVL er tildelt 1,2 millionar kroner til forkurs for dei søkerane som har ein karakter for låg i matematikk til at dei får direkte opptak. Midla er tildelt i tråd med HVL si innmelding av kandidatar og gjennomføring av forkursa.

Supplerande tildelingsbrev april 2017. Statsbudsjettet kap. 260 post 50, tilskot ny GLU. HVL fekk 7,5 millionar kroner, som var budsjettert og planlagt i samsvar med tildelingsbrev til drift av GLUP-prosjektet. Utviklinga av grunnskulelærarutdanningane skjer no i den ordinære linja.

Samarbeid med universitetet i Bergen

Eit samarbeid med Universitetet i Bergen, der vi gjensidig skal tilby fag til kvarandre der vi har komplementær kompetanse, er i ein startfase. Styringsgruppe og mandat for samarbeidet er sett, og rammene for det vidare samarbeidet blir lagt i nær framtid.

Utfordringar for Grunnskulelærerutdanninga

- Auke satsinga på GLU, med særleg vekt på 1–7, og på heile GLU-utdanninga for Stord og Sogndal.
- Fagleg samordning med lokal tilpassing for GLU. Det er gitt høve til lokale tilpassingar, men det er framleis mange utfordringar.
- Bygge kapasitet på rettleiingssida for det store talet på masteroppgåver på GLU.
- Auke talet på lærarstudentar og tilsette som reiser på utvekslings- og/eller praksisopphald i utlandet. I den nye utdanninga blir det sett fokus på auka mobilitet.
- Nasjonal koordinatorrolle i regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage og desentralisert kompetanseutvikling i skule. Uklare bestillingar og organisering i regionane gir utfordringar knytt til kva vi skal bidra med og til kva tid.
- Kravet om førstekompetanse i alle faglege stillingsutlysingar gir ei utfordring når det gjeld å rekruttere nye medarbeidarar, og dette gir mange mellombelse stillingar.



Verksemdsmål 6: HVL skal vere attraktiv og tett på studentane sine og vere kjent for kvalitet i utdanninga

På utdanningsområdet har høgskulen i 2018 arbeida svært mykje med samordning av fleire studieprogram og studieplanar på tvers av campusar. I tillegg blir det jobba med å utvikle eit felles system for arbeidet med kvalitet i utdanningane.

I november vedtok høgskulestyret rammeverket for det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL. Dette gjeld for all utdanning ved HVL, frå årsstudium og bachelornivå, til master og ph.d.-nivå, inkludert etter- og vidareutdanningar. I tråd med HVL sin strategi, er det overordna målet for arbeidet med kvalitet i utdanningane at høgskulen skal danne og utdanne høgt kompetente kandidatar for arbeidslivet. HVL skal også arbeide systematisk med å sikre at utdanningane er bygd på forskings- og erfaringsbasert kunnskap og held høg kvalitet i internasjonal samanheng, i tillegg til at studentane skal ha trygge og gode læringsmiljø.



I samband med utvikling av felles system for arbeid med kvalitet, blei det gjennomført fakultetsvise kvalitetsdagar, der deltakarane mellom anna diskuterte kva dei meinte var det viktigaste å få med i systemet.

I 2018 blei det også sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide eit utkast til ein modell for styring av studieporteføljen. Her skal ein fastsette kriterium for å vurdere kvaliteten i porteføljen og identifisere behov for forbetringstiltak. Modellen skal bli vedtatt av styret i 2019.

I årsplanen for 2018 har HVL spesielt fokusert på å

- arbeide målretta og systematisk med studentrekruttering til alle dei fem campusane og alle utdanningsnivå, med særleg merksemd og tiltak knytt til utdanningar og campusar med låg rekruttering
- gjennomgå studieporteføljen med omsyn til ønska profil, nivå og dimensjon på det samla studietilbodet til HVL, og sette i gang arbeidet med samordning av utdanningar for å utnytte fusjonsgevinstar
- vidareføre og vidareutvikle tiltak for å auke gjennomstrøyming og redusere fråfall i utdanningane, med særleg merksemd og tiltak knytt til utdanningar som ikkje når kandidatmåltala

Relevante nasjonale styringsparametrar:

- Delen av bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH) i %
- Delen av masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH) i %
- Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)
- Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret)
- Talet på studiepoeng per fagleg årsverk

- følge opp Kvalitetsmeldinga frå KD
- utvikle eit felles kvalitetssystem for HVL
- etablere ei eining for utvikling av undervisning og læring; UH-pedagogikk og kompetansehevingstiltak i UH-pedagogikk for tilsette på fleire nivå vil vere forankra i denne eininga
- innføre ein ny læringsplattform for heile verksemda
- legge til rette for å auke talet på digitale eksamenar og vidareføre og utvide prosjekt
- legge til rette for å auke omfanget av e-læring
- sette i gang arbeidet med å utvikle system for merittering av framifrå undervisarar

Rekruttering, gjennomstrøyming og kandidatproduksjon

Rekrutteringstiltaka i 2018 har vore ein kombinasjon av satsing på digital marknadsføring og direkte kontakt med søkarane, som skulebesøk og utdanningsmesser. Studentambassadørar spelar ei sentral rolle i desse møta. Vi marknadsfører HVL gjennom campusane, gjennom dei store fagretningane og gjennom enkeltstudium. Samla sett ser vi at det er innan ingeniørutdanningane og grunnskulelærerutdanning 1-7 det er størst utfordringar med rekruttering på alle campus, unntatt Bergen. Her må det gjerast eit godt arbeid av både fakultet og fellestenestene for å auke søkartala på desse utdanningane.

Gjennomføring på normert tid

For å sjå om det er behov for å sette i gang særskilte tiltak, blir tal frå DBH om gjennomstrøyming, studiepoengproduksjon og gjennomføring på normert tid brukt, både på studieprogram- og institusjonsnivå. Til dømes har Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap utarbeida ein rapport. Her gjekk dei grundig gjennom data for gjennomføring og fråfall ved studium på bachelornivå i fakultetet, for å sjå om det var mogeleg å finne årsakssamanhengar. I dei nasjonale styringsparametrane ser vi at HVL har hatt ein auke i talet på kandidatar som gjennomfører på normert tid, både på bachelor- og masterutdanningane. HVL ligg også godt over landssnittet her. Det er spesielt gledeleg at talet på gjennomførte på masternivå i år er høgare enn nokon gong.

Studiepoeng per fagleg årsverk

HVL ligg godt over landssnittet på studiepoengproduksjon per faglege årsverk, men har hatt ein liten nedgang i 2018 samanlikna med tidlegare år. Fleire årsverk er ein del av forklaringa på dette, men talet på studiepoeng har også gått ned i 2018, samanlikna med 2017. Deltidsutdanningar med opptak annakvart år er noko av årsaka til at tala varierer, i tillegg til at rekrutteringsutfordringa på ingeniørutdanningane dei siste åra også viser igjen i studiepoengproduksjonen.

Mål i utviklingsavtale 2018-2020

HVL skal utvikle framtidsretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.

Måleparameter:

- Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar
- Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse

HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekkje studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.

Måleparametrar:

- Talet på nettstøtta utdanningar
- Talet på bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med arbeidslivet

Kandidatmåltal på helse- og lærarutdanningane

HVL har stor grad av måloppnåing på kandidatmåltala på helse- og lærarutdanningane, der fleire studieprogram produserer langt fleire kandidatar enn målsettinga. Vi har likevel utfordringar på enkeltprogram, særskilt på teiknspråktolk og faglærarutdanningane.

	Måltal 2018	Resultat 2018	Avvik
Helseutdanningane:	798	815	+17
<i>ABIOK</i>	60	61	+1
<i>Bioingeniør</i>	39	50	+11
<i>Døvetolk</i>	20	5	-15
<i>Ergoterapi</i>	30	30	0
<i>Fysioterapi</i>	68	65	-3
<i>Jordmor</i>	35	30	-5
<i>Radiograf</i>	25	35	+10
<i>Sjukepleie</i>	435	455	+20
<i>Vernepleie</i>	86	100	+14
Lærarutdanningane:	895	1045	+150
<i>Barnehagelærer</i>	248	295	+47
<i>GLU 1-7</i>	186	170	-16
<i>GLU 5-10</i>	137	180	+43
<i>PPU og PPU-Y</i>	276	375	+99
<i>Faglærarutdanning</i>	48	25	-23

Tabell 17: Kandidatmåltal på helse og lærarutdanningane. Kjelde: DBH

I 2018 var det sett av 2,5 millionar i strategiske midlar til tiltak for å auke gjennomstrøyming, spesielt på studieprogram der vi ikkje når kandidatmåltalla. FLKI fekk tildelt midlar som mellom anna vart brukt på tiltak som ekstra faglærarstøtte og digitale læringsverktøy for å betre gjennomstrøyminga på teiknspråktolkutdanninga.

Når det gjeld tala for faglærer, var det 20 uteksaminerte kandidatar på kroppøving og 5 på musikk i 2018. HVL ligg dermed under måltala på begge desse. Ut i frå opptakstala på faglærer i musikk dei siste åra, ser vi at det er urealistisk å oppnå målalet på 20 kandidatar i næraste framtid. Det er sett inn ekstra rekrutteringstiltak på utdanninga, og frå og med 2019 blir det opptak både på campus Bergen og campus Stord, med 10 studieplassar på kvar stad.

Våren 2018 blei det første kullet med masterstudentar i jordmorfag ferdig utdanna. Fakultetet er nøgd med at 30 studentar i det første kullet fullførte på normert tid, men vil samstundes evaluere om det er tiltak høgskulen kan gjere for å betre gjennomstrøyminga. Avgrensa tilgang på praksisplassar i regionen er ein «flaskehals» for å kunne ta opp nok studentar. For å sikre at vi når kandidatmålalet framover, er vi difor heilt avhengig av god og sikker tilgang på fleire praksisplassar.

Studentane sin trivsel og tilfredsheit

For å hindre fråfall og auke tala for gjennomstrøyming har studentane sin trivsel mykje å seie. I 2018 blei den nasjonale undersøkinga Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT) gjennomført. Resultata frå HVL viste at studentane våre kjenner seg godt mottekne på studia, og at dei aller fleste har det bra og trivst på studia og campusane våre. Samtidig ser vi at talet på studentar som melder at dei kjenner seg einsame og har utfordringar med psykisk helse aukar. Dette er signal som høgskulen tek på alvor. Her vil dei nyetablerte campusråda vere sentrale rådgjevande organ for den strategiske leiinga med omsyn til å auke trivselen på alle fem campus

Studiebarometeret

Skåren på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten er svært stabil på institusjonsnivå, noko ein også har sett på landsbasis. Det er nokre variasjonar mellom studieprogramma, der nokre gjer det svært godt og nokre mindre bra. Jamt over viser resultatene frå Studiebarometeret at studentane ved HVL er godt nøgde med studieprogramma sine. Resultat som viser utfordringar blir følgt opp av dei faglege leiarane på studieprogramma.

Studiebarometeret viser at det samla talet på timar brukt til fagleg innhald har gått litt ned i år samanlikna med tidlegare år, og HVL sine resultat er også litt lågare enn landssnittet. Dei innrapporterte tala er litt lågare både på læringsaktivitet organisert av institusjonen og tidsbruk på eigne studium. Det er ein del variasjon mellom studieprogramma her, så oppfølging av resultatene skjer på studieprogramnivå og ikkje institusjonsnivå.

Frå hausten 2018 blei alle emna ved HVL implementert i den nye læringsplattforma Canvas. Innføringa er styrt av ei sentral prosjektgruppe, med støtte frå ei superbrukargruppe. Alle campusar og dei fleste fagmiljøa er representerte her. Våren 2018 blei brukt til intensiv opplæring i fagmiljøa, og tilgjengeleg brukarstøtte og opplæring har vore høgt prioritert i innføringsfasen. Studiebarometeret blei sendt ut samtidig som studentane skulle lære seg å bruke den nye læringsplattforma, noko som truleg har påverka resultatet på spørsmåla om studentane synest dei får god og lett tilgjengeleg informasjon. Satsing på brukarstøtte og opplæring, både blant studentar og tilsette, vil halde fram, og våren 2019 blir det også gjennomført ei større evaluering om innføringa av Canvas.

Utvikling av studentaktive lærings- og vurderingsformer

I utviklingsavtalen har HVL satt seg mål om å utvikle framtidsette, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer. Dette for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.

Det er mykje godt og nyskapande arbeid ved HVL når det gjeld e-læring, utvikling av undervisning, og pedagogisk kompetanseheving. Eit synleg bevis på dette er tildelinga av

Utdanningskvalitetsprisen

2018, som gjekk til

bioingeniørmiljøet ved HVL, for utviklinga av nettportalen ePraksis.no.



I 2018 fekk bioingeniøruddanninga ved HVL Utdanningsprisen for sitt arbeid med utvikling av nettportalen ePraksis.no. Prisen blei utdelt av statsråd Iselin Nybo under UHR-konferansen 21. november. Frå venstre Harald Nybolet (direktor Diku), Elisabeth Ersvær (forsteamanuensis bioingeniøruddanninga), Anita Rydningen (forsteamanuensis og utdanningsleder ved bioingeniøruddanninga og Iselin Nybo (forsknings- og høgare utdanningsminister)


Pedagogisk basiskompetanse

Høgskulen jobbar med å etablere ei eining for utvikling av undervisning og læring, som skal leggje til rette for utdanningsfagleg kompetanseutvikling innan UH-pedagogikk, didaktikk, og digital teknologi i læringsarbeidet. Ein viktig del av dette arbeidet er å innføre pedagogiske meritteringsordningar ved HVL. Eining for utvikling av undervisning og læring skal også legge til rette for digitalisering av utdanning, studentaktiv læring og utvikling av fleksible utdanningstilbod.

Vi har ikkje oversyn over kor mange som har formell pedagogisk basiskompetanse per i dag. HVL innfører i perioden 2018-2020 eit digitalt verktøy for planlegging og oppfølging av ressurstildeling til emne og studieprogram. Via ein tilleggsmodul i systemet (TimeEdit/PlanEdit) kan ein også følge opp kompetansen knytt til dei ulike delane av studieprogrammet.

Vurderingsordningar med digitale løysingar


Vurderingsordningane ved HVL inneber i større og mindre grad bruk av digitale løysingar. Val av vurderingsordningar heng saman med læringsutbyttet som er definert for utdanninga og kva arbeidsformer ein nyttar:



Figur 1: Vurderingsordningar i HVL

Figurane over viser at HVL nyttar varierte vurderingsformer, men at det er relativt store forskjellar på tvers av fakulteta når det gjeld kva vurderingsformer som blir mest brukt. Medan skriftlege eksamenar berre står for om lag 20 prosent av dei gjennomførte eksamenane på FHS og FLKI, er nærare halvparten av eksamenane ved FØS og FIN skriftlege eksamenar. I mange tilfelle brukar likevel også desse fakulteta andre vurderingsformer enn skriftleg eksamen, men ofte som supplement til skriftleg eksamen.

Heimeeksamenar, oppgåver og mapper blir i all hovudsak leverte digitalt. Munnlege eksamenar og praktiske eksamenar blir i all hovudsak gjennomført på campus, med nokre unntak, der eksamenane blir gjennomførte via til dømes adobe connect. HVL har dei seinare åra jobba systematisk for å auke delen av skriftlege eksamenar som blir gjennomført på PC og ikkje på papir. HVL spelar ein aktiv rolle, i samarbeid med Unit og andre institusjonar i sektoren, for å forbetre eksamenssystemet og arbeidsprosessar knytt til eksamensarbeid. Talet på digitale skriftlege eksamenar er no oppe i 46 prosent ved HVL.



Figur 2: Andel digitale skriftlege eksamenar

Også talet på skriftlege eksamenar som blir gjennomførte på PC varierer på tvers av fakulteta. Det er nokre emne der det er vanskeleg å digitalisere skuleeksamen, t.d. realfagsemne, men det blir då arbeida med å digitalisere prosessane før og etter eksamen på ein best mogeleg måte.

Tilgang på undervisning og samarbeid med arbeidslivet

HVL har også eit utviklingsmål om å gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv, og skal aktivt trekke studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet, gjennom studentoppgåver.

Nettstøtta utdanning

Alle utdanningane ved HVL er nettstøtta i den forstand at dei nyttar læringsplattforma Canvas aktivt, i tillegg til andre former for nettstøtta undervisning. Eit eksempel på dette er bioingeniørmiljøet, som vann utdanningskvalitetsprisen i 2018 (sjå tidlegare omtale). I tillegg er det ei rekke utdanningar som gjennomfører nettbasert undervisning gjennom AdobeConnect, eller videooverføring av førelesningar på tvers av campus.

HVL tilbyr ei stor portefølje av etter- og vidareutdanningar som i all hovudsak er samlingsbaserte med nettstøtta undervisning. Vi har vidare eitt årsstudium, fem bachelorgradar og ni mastergradar som enten er desentraliserte, samlingsbaserte og/eller nettbaserte.

Bachelor- og masteroppgåve i samarbeid med arbeidslivet

HVL har ikkje hatt noko godt system for å registrere bachelor- og masteroppgåver som har blitt skrivne i samarbeid med arbeidslivet i 2018. Vi kan difor ikkje rapportere inn desse tala på noverande tidspunkt, men dette vil vere eit utviklingsarbeid i 2019. Studentane blir oppmoda om å skrive oppgåver der tema og problemstillingar er utvikla ut i frå praksiserfaringar, eller i direkte samarbeid med arbeidslivet. Ved Fakultet for ingeniør- og naturvitskap blir dei fleste oppgåvene skrivne på oppdrag frå arbeidslivet, der studentane forsøker å løyse problemstillingar som finst i både private og offentlege verksemder. Til dømes blei det i 2018 sett i gang eit samarbeidsprosjekt mellom ingeniør- og sjukepleiestudentar frå høgskulen og Bergen legevakt for å finne forslag til nye digitale løysingar i helsevesenet.

Anna rapportering i tråd med rapporteringskrava frå KD

Øyremerka tildelingar frå KD til ulike tiltak innan grunnskulelærerutdanning er omtalt under verksemdsmål 5.

Tildelingsbrev – bruk av nye studieplassar i 2018

I supplerande tildelingsbrev 2018 fekk HVL 15 nye studieplassar til sjukepleiarutdanninga. I 2017 fullførte 509 kandidatar bachelorgraden i sjukepleie, kandidatmåtalet var 435. Viser elles til utgreiing for bruk av midlane i brev til KD av 13.12.18, dykkar ref. 18/5657-1.

SAKS-midler (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing) - tildelt over kap. 260 post 50

Høgskulen på Vestlandet fekk tildelt 11 millionar kroner over kap. 260 post 50 for 2016 – SAKS-midler (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing), 39 millionar kroner for 2017 og 15 millionar kroner for 2018. Midlane skulle gå til arbeidet med samanslåinga av dei tre institusjonane. Vi viser til supplerande tildelingsbrev frå KD av 28.06.2016, 11.01.2017 og 12.6.18.

Midlane er brukt til ei rekke ulike tiltak for å sikre ei god omstilling og samanslåing av institusjonane. I 2018 har det samanstillinga av tekniske system og prosessar, samt omorganisering, innplassering av administrasjonen, og det å bygge ein felles institusjon på tvers av nærregionane, blitt spesielt prioritert. Fagleg organisering og fakultetsstruktur med fire fakultet starta opp 1.1.18, og den administrative organiseringa var klar og alle dei tilsette innplassert i slutten av 2018.

Arbeidet med samanslåing og organisasjonsutvikling er svært tid- og kostnadskrevjande, og tildelte SAKS-midler vil ikkje kunne dekke dei reelle kostnadane knytt til dette arbeidet. Betydelege utgifter til både organisasjonsutvikling og større naudsynte investeringar i IT/AV-utstyr for å kunne kommunisere godt digitalt over dei store geografiske avstandane har blitt dekkja over den vanlege tildelinga. Dei resterande SAKS-midlane er planlagt nytta til vidare arbeid med å einast som ei verksemd. Hovudfokuset i 2019 vil vere å slutføre arbeidet med samordninga av prosessar og utdanningar, samt vidareføre arbeidet med digitalisering, organisasjonsutvikling og leiaropplæring, i tillegg til å gjere ekstraordinære investeringar i IT/AV for å få meir like digitale ressursar på alle campusane.

Tildeling SAKS-midler 2016:	11 000
Tildeling SAKS-midler 2017:	39 000
Tildeling SAKS-midler 2018:	15 000
Sum tildeling	65 000
Forbruk 2016:	12 968
Forbruk 2017:	24 577
Forbruk 2018:	17 645
Sum forbruk	55 190

Avsetjing ubrukte midlar, til bruk i 2019	9 810
Oversikt forbruk SAKS-midlar 2018:	
Samanstilling av tekniske system, databasar og rutinar	4 253
IT infrastruktur	3 782
Felles samlingar, seminar og samkøyring av strategi	2 675
E-læring	1 771
Vidareutvikling av nye internett- og intranettsider	1 280
Organisasjonsutvikling	1 200
Innplassering av administrasjon	1 000
Følgjevaluering av fusjonsprosessen	853
Ekstra tilskot studentdemokratiet	500
Leiaropplæring	331
Sum forbruk SAKS-midlar 2018:	17 645

Tabell 18: Saksmidlar 2018 (tusen kroner)

Utstyrsmidlar, tildelte over kap. 281 post 01

HVL fekk i tildelingsbrevet ei ekstra løyving på 2,7 millionar kroner til utstyr til Bragebygget (i tildelingsbrevet kalla gymnasbygget). Det er i 2018 brukt om lag 20,4 millionar kroner til inventar, IT-, AV- og nettverksutstyr, samt investeringar til utomhusområdet, og dei ekstra tildelte midlane har inngått som delfinansiering av desse investeringane.

Disponeringa av midlane kan grovt knytast til desse områda:

Oversikt over kjøp av utstyr til Bragebygget 2018 (tusen kroner)	
Inventar	6 291
IT-, AV- og nettverksutstyr	1 632
Prosjektering og interiørarkitekt	1 746
Endringsavtalar og skilting	2 562
Utomhusarbeid	8 005
Andre område	190
Sum disponert	20 426

Tabell 19: Bruk av ekstra utstyrsmidlar

Dei tildelte ekstramidlane til utstyr er nytta fullt ut og har vore eit godt bidrag til å supplere egne investeringar.

Tildelte midlar til maritim kompetanseheving – via USN

MARKOM2020 er eit nasjonalt prosjekt som skal bidra til å heve kvaliteten i maritim profesjonsutdanning. Prosjektet er eigd av NTNU i Ålesund, Høgskulen på Vestlandet (HVL), Universitetet i Sørøst-Norge (USN) og UiT – Norges Arktiske Universitet (UiT), og er finansiert over statsbudsjettet. Til grunn for prosjektet ligg "Stø kurs – Regjeringens strategi for miljøvennlig vekst i de maritime næringer" og MARUT-utvalets rapport "Maritim profesjonsutdanning – forslag til ny nasjonal struktur for maritim offisersutdanning".

Prosjektet er administrert av Universitetet i Sørøst-Norge. MARKOM2020 har ei styringsgruppe med deltakarar frå kvar av dei fire institusjonane, studentane og frå organisasjonar knytt til maritim næring. For prosjektperioden 2011-2016 har ein konsentrert seg om fire fokusområde; utdanning, FoU, SAK og rammevilkår. Frå 2017 har MARKOM2020 hatt følgjande fem hovudmål (HM):

- Nasjonal forskerutdanning som leverer ledende spisskompetanse til næring og utdanning (HM1).
- Maritime masterutdanningar skal levere relevante og internasjonalt konkurransedyktige kandidater til næring og forskerutdanning (HM2).
- Maritim bachelorutdanning er attraktiv, fremtidsrettet og går ut over STCW konvensjonens minimumsnivå. Målet er å opprette et senter for fremragende utdanning (SFU) for maritim profesjonsutdanning (HM3).
- Studieløpet fra fagskole til bachelor er helhetlig og næringslivtilpasset med mulighet for integrert praksis (fellesmål med MARFAG2020) (HM4).
- Maritimt personell i fremvoksende og fremtidsrettede næringer har ledende utdanningstilbud som bidrar til å underbygge et grønt skifte og bruk av havrommet (HM 5).

HVL har brukt om lag 5,7 millionar kroner av dei tildelte MARKOM-midlane i 2018. Følgjande prosjekt har HVL nytta midlar til, og vore ansvarleg for:

- Kompetanseheving på alle faglege nivå og gåveprofessorat for professor og professor II.
- Vidareutvikle mastergradsutdanninga i maritime operasjonar. Dette er ei fellesgrad som HVL starta opp hausten 2017, i samarbeid med Hochschule Emden/Leer i Tyskland.
- Drift av ph.d.-grad i nautiske operasjonar, i samarbeid med UiT, USN og NTNU
- Utvikle pensum innanfor «sikkerhetsledelse» for høgare maritim utdanning. Boka vart publisert på Routledge forlag (nivå 2) 1. februar 2018.
- Utvikle og gjennomføre utdanningstilbod på bachelornivå innan Maritim IT og Maritim jus. To emne er utvikla innan maritim IT og to emne innan maritim jus. Eitt av emna vart gjennomført hausten 2018 (Maritim jus 1), dei tre andre emna vert gjennomført i 2019.
- Utvikle forskingsfeltet "New Seamanship" med tanke på:
 - a) Lage eit nettverk av forskarar tilsett på dei maritime høgskulane og universiteta.
 - b) Utvikle eit større forskingsprosjekt om temaet "framtidens sjømannskompetanse" og søke eksterne midlar. Aktivitetar utsett frå 2017 vart gjennomført i 2018.
- Gjennomføre første del av prosjektet ArcEvac – Evacuation of Passenger Vessels in Arctic Environments. Landbaserte forsøk vart gjennomført i tråd med prosjektplanen. Prosjektet fortset i 2019.
- HVL har i 2018 hatt ansvar for nasjonal prosjektleiing knytt til å utvikle ein søknad om SFU for simulering i samarbeid med UiT, NTNU og USN. Arbeidet skal resultere i ein innsendt søknad om SFU våren 2019.

Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda

I tråd med rapporteringskrava frå departementet gir dette kapittelet ein omtale av følgjande område:

- styring og kontroll
- arbeidslivkriminalitet
- tryggleik og beredskap
- lærlingar
- likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit (sjå eige vedlegg)

Styring og kontroll

Overordna risikovurdering

Det statlege kravet til internkontroll i dei statlege verksemdene, i Økonomi-reglementet §§ 4 og 14 og føresegnene pkt. 2.4, går ut på at verksemdene skal ha system som tek i vare løysingar for internkontroll som er tilpassa både risiko og det som er vesentleg i sakene. Slike heilskaplege løysingar sikrar ein gjennomgåande god forvaltningskvalitet.

Den overordna vurderinga er at HVL har rimeleg god styring og kontroll innan dei enkelte verksemdsområda, men med enkelte forbetringsspunkt. Risikoen for brott på lover og reglar blir vurdert som forholdsvis låg, kvaliteten på rapporteringa er forholdsvis god, og risikoen for vesentlege feil er låg. Svakheiter som er avdekka, er i dei fleste tilfelle knytt til uklare ansvarsforhold, eller ufullstendige kontrollar og dokumentasjon av desse, men dette følgjer av dei store endringane i organisasjonen. Drifta er rimeleg effektiv og målretta.

Høgskulen sin første strategiplan (2018-2023) blei vedteken i september 2018. I den profesjons- og arbeidslivsretta profilen står samspel, berekraft og nyskaping sentralt. Før dette har styret si rettesnor i 2018 vore fusjonsavtalen, som styret også har tatt utgangspunkt i når utviklingsavtalen med departementet blei utarbeida. For 2018 har styret hatt ein felles årsplan som er rapportert etter i denne årsrapporten.

Nye organisasjonsstrukturar på tvers av geografi kom i gang i fagavdelingane 1.1.18, medan dei administrative strukturane ikkje var klare før på slutten av året. Dette er eit krevjande bilde i eit styrings- og kontrollperspektiv. I heile 2018 har høgskulen hatt stor aktivitet på alle administrative område, på tvers av dei tidlegare institusjonane, for å kartlegge nye prosessar og rutinar. Dette er viktig med tanke på auka effektivitet, felles praksis og etablering av felles intern kontroll.

Medan høgskulen i 2017 i stor grad vidareførte risiko- og internkontrollaktiviteten kring dei tre fusjonerte høgskulane, har vi i 2018 starta utviklinga av felles strukturar, med tanke på ei heilskapleg styring. Ein sentral stabsfunksjon knytt til verksemdstyring er no under etablering.

HVL er ein så stor og kompleks institusjon at styret har vedteke ei ordning med internrevisjon. Internrevisjonen vil kunne gjere ei systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen, for å sikre av denne fungerer på valde område, og såleis fører til ei kontinuerleg forbetring av verksemda. Høgskulen i Bergen hadde etablert eit samarbeid om internrevisjon med Nord Universitet, Universitetet i Stavanger og Universitetet i Agder før fusjonen. Dette samarbeidet er vidareført for HVL. I 2018 blei det gjennomført to internrevisjonar i dette samarbeidet; kontroll av bruk av overtid og kontroll av korleis eksternt finansierte prosjekt blir kvalitetssikra.

Det er ikkje avdekka økonomiske mishald i 2018.

Riksrevisjonen hadde ingen merknader til høgskulen i Dokument nr. 1 i 2018.

Arbeidslivskriminalitet

Offentlege oppdragsgjevarar har eit særskilt ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet. Dette innfattar oppfølging av skatte- og avgiftsattestar, krav til lønns og arbeidsvilkår og avgrensingar i leverandørkjeda. Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår gjeld for tenester og bygge- og anleggskontraktar med verdi over 1,3 millionar kroner. Høgskulen stiller krav til leverandørane i samband med kunngjeringar og tildelingar av offentlege kontraktar. Ut frå ein risiko- og proporsjonalitetsvurdering har vi ikkje gjennomført ytterlegare kontrollar hos leverandørane. Ein del av desse kontraktane er likevel også større rammeavtaler, der denne kontrollfunksjonen ligg til t.d. Difi eller Unit. Dokumentasjon for betalt skatt og avgift blir kravd inn ved alle anskaffingar over 500.000.

Tryggleik og beredskap

1.1.2018 trådde ein oppdatert krise- og beredskapsplan i kraft, med nokre mindre justeringar i tråd med korleis organisasjonen blei endeleg etablert. På slutten av året vart det laga ein plan for gjennomføring av ROS-analysar på verksemdsnivå, som vil bli gjennomført i første halvdel av 2019. HVL vil nytte ekstern kompetanse, som skal jobbe tett med tilsette, for å styrke og kvalitetssikre arbeidet. På denne måten skal HVL danne eit godt grunnlag for gjennomføring av analysane i 2019, men også sikre eit system for gjennomgang, og evt. revisjon av dette, med jamne mellomrom. I tillegg vil ein støtte organisasjonen på alle nivå i arbeidet med ROS-analysar, ved å utarbeide malar og arrangere opplæring for leiarar og andre som har behov for det.

I 2018 vart det gjennomført innkallingsøvingar på alle campus, for å kvalitetssikre og øve på verktøya i kunnskapsCIM. HVL ser at det er naudsynt å gjennomføre kriseøvingar som omfattar heile verksemda, og at øvingar med andre aktørar er nyttig. Det er planlagt ei kriseøving på Campus Sogndal med naudetatane og dei andre aktørane på campus i mars 2019. Dette vil vere ein heil dag med fokus på pågåande livstruande vald, med ein teoridel, ei skrivebordsøving og ei skarpøving for naudetatane. HVL er med i planlegginga av øvinga, saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestland, Sogndal kommune, politiet og Sogndal Fotball. Departementet vil få ein evalueringsrapport frå denne øvinga innan mai 2019. Øvingar vil ha eit sentralt fokus i krise- og beredskapsarbeidet i 2019, og det er planlagt å sende 4-5 tilsette på kurs i øvingsplanlegging i løpet av våren. Krisegruppene på alle campusane skal gjennomføre kriseøvingar snarast mogleg, og i tillegg skal ein ha minst ei øving for heile verksemda.

HVL arbeider kontinuerleg med å finne dei beste ordningane for krise- og beredskapsarbeid i organisasjonen. Med fem campusar må ein sikre at det eksisterer gode løysingar lokalt, og at det stemmer overeins med det heilskaplege og strategiske arbeidet på verksemdsnivå. Mykje reising internt mellom campusar og eksternt til samarbeidspartnarar, særleg for leiarar, krev eit særskilt fokus på roller og varafunksjonar i krisegruppene. Hausten 2018 starta ein på arbeidet med å lage tiltakskort (både knytt til roller og til situasjonar), og dette vil bli fullført i starten av 2019. Dette vil styrke krise- og beredskapsarbeidet til HVL og sikre at personar jobbar godt i sine funksjonar i krisegruppene.

Informasjonssikkerheit:

8.3.2018 vedtok styret i HVL den styrande delen av leiingssystemet for informasjonssikkerheit. Leiinga hadde ein diskusjon og ein gjennomgang av rutinane for informasjonssikkerheit før saka gjekk til styret. Eit nytt prosjekt starta 30.11.2018, med mål om å ferdigstille leiingssystemet. Prosjektet har som mandat å få på plass den utførande og kontrollerande delen av systemet. Sidan den styrande delen av systemet blei vedteken i mars 2018, var det ikkje hensiktsmessig med en revisjon same året. Det nye prosjektet vil ha ein

gjennomgang av den styrande delen som ein del av sitt arbeid. Det nye leiingssystemet skal etter planen sendast på høyring internt ved HVL i april 2019 og skal bli vedtatt i styret i juni.

Lærlingar

HVL hadde 13 lærlingar i 2018, ein auke med to frå året før. Hovuddelen av lærlingane jobbar innanfor IKT, som lærlingar i anten IKT-servicefag eller datateknikk. I tillegg hadde HVL ein lærling i kontorfag og to i laboratoriefag ved institutt for bio- og kjemiingeniørfag. Hausten 2018 blei dykkarutdanninga akkreditert til å ha lærlingar innanfor industrimontørfaget, og det er venta at ein vil få på plass ein lærling ved teknisk avdeling i dykkarutdanninga i løpet av 2019. Dersom HVL skal auke talet på lærlingar framover, vil det vere naturleg å satse på fleire lærlingar innanfor IKT. HVL samarbeider med VIGO bedrift (Hordaland fylkeskommune sitt opplæringskontor), Sogn og Fjordane fylkeskommune og Opplæringskontor sal og servicefag i Haugesund i arbeidet med lærlingar.

Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjenge

Sjå eigen rapport i vedlegg

Kapittel V Framtidsutsikter

Strategi 2019-2023

HVL sine framtidsutsikter er nedfelt i Strategi 2019-2023. Den overordna strategien er laga ut frå ein analyse av utviklinga, og ut i frå institusjonen sine styrkar og utfordringar. Høgskulen skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil. I profilen står samspel, berekraft og nyskaping sentralt.

Samspel handlar om samhandlinga, både med omgjevnadane og internt i høgskulen. Det trengst fleirfagleg kompetanse for å finne gode løysingar på utfordringane i samfunnet. Vi vil utvikle ny kunnskap i tett samspel med omverda. Vi har noko å tilføre kvarandre – mellom fagmiljø, mellom campusar og mellom tilsette og studentar.

Berekraft handlar om vårt felles globale ansvar, både for dei som lever i dag og dei som kjem etter oss. Med breidda i faga våre er alle dei 17 berekraftmåla som FN har sett relevante for oss. HVL skal vere ei drivkraft for berekraftig utvikling.

Nyskaping handlar om å forbetre produkt og tenester, vidareutvikle profesjonar og teknologi, arbeidsmetodar og undervisningsformer. Vi skal vere innovative og utruste studentane med kompetanse som gjer dei kreative, løysingsorienterte og nyskapande.

Vår visjon er Kunnskap som bygger menneske og samfunn, med sentrale verdiar som utfordrande, delande og tett på. Sentrale mål er å

- danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til beste for samfunnet
- drive forskning, utviklingsarbeid og innovasjon av høg kvalitet
- formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

Utviklingsavtalen

HVL har inngått ein utviklingsavtale med Kunnskapsdepartementet. Avtalen gjeld fram til 2020. Utviklingsavtalen har sju utviklingsmål som det i avtaleperioden skal vere spesiell merksemd på. Dette er mål innanfor utdanningskvalitet, regional utvikling og institusjonsbygging. Måla i avtalen er ein integrert del av høgskulen sin målstruktur fram til 2020. Det er knytt måleparametrar til alle dei sju utviklingsmåla. Høgskulen vil bruke 2019 til å arbeide vidare med operasjonisering og betre system for å hente inn data på desse.

Prosjekt Universitet

Samla sett er universitetskrava svært omfattande og dei påverkar heile institusjonen si verksemd. Ein universitetsøknad skal vise til at HVL innfrir krava knytt til fagmiljø, til ph.d.-studium, til bachelor- og masterstudium, utdanningskvalitet, forskingskvalitet, nettverk og samarbeidsrelasjonar, mv. I 2019 skal det etablerast eit stort prosjekt knytt til universitetsambisjonen. Prosjektet er under planlegging og skal organiserast gjennom fleire delprosjekt, der alle delprosjekt må jobbe mot det same overordna målet: eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil.

Målstruktur og verksemdsmål for 2019-2023

På bakgrunn av strategien har HVL vedtatt 10 verksemdsmål for perioden 2019-2023. Saman med utviklingsmåla dannar desse grunnlaget for HVL sine prioriteringar for dei neste åra.

Område i strategi	Verksemdsmål 2019-2023	Utviklingsmål 2018-2020
Ambisjon og felles faglege satsingsområde	<p><i>Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitetet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil tufta på samspel, berekraft og nyskaping</i></p> <p><i>Dei felles faglege satsingsområda skal styrke den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling.</i></p>	
Danne og utdanne	<p><i>1.1 HVL skal vere kjent for å ha studentar som trivast og lukkast.</i></p> <p><i>1.2 HVL utdannar kritisk reflekterte kandidatlar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.</i></p>	<p><i>HVL skal utvikle framtidsretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.</i></p> <p><i>HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekke studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.</i></p> <p><i>HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen (UiB) om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare.</i></p>
Forsking, utvikling og innovasjon	<p><i>2.1 HVL driv profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor</i></p> <p><i>2.2 HVL skal styrke internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon</i></p>	<p><i>HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med forstekompetanse og professor og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetansen skal byggast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.</i></p> <p><i>HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon</i></p>
Formidle og dele	<p><i>3.1 Gjennom samhandling, deltaking og dialog fangar HVL opp aktuelle problemstillingar, og er ein relevant samarbeidspartner for arbeids- og samfunnsliv.</i></p> <p><i>3.2 HVL involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling</i></p>	<p><i>HVL vil stimulere til okt relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep.</i></p> <p><i>Høgskulen skal styrke praksisnær utdanning og forskning og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfagleg samarbeid er bærande element.</i></p>
Bygging av institusjonen	<p><i>4.1 HVL skal vera ein berekraftig, effektiv og lærande organisasjon</i></p> <p><i>4.2 HVL skal ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campus</i></p>	

Tabell 20: Målstruktur HVL 2019-2023

I tillegg er dei fire fakulteta sine strategiar og handlingsplanar ein viktig del av oppfølginga av HVL sine overordna mål.

I HVL sin årsplan for 2019 er det utarbeida prioriterte tiltak knytt til dei ulike verksemdsmåla og utviklingsmåla, og det er knytt øymerka strategiske midlar til delar av tiltaka.

HVL har valt å ikkje sette opp fleire styringsparametrar for 2019 utover nasjonale styringsparametrar og måleparametrar frå utviklingsavtalen.

Ut frå høgskulen sitt årshjul skal det rapporterast på resultatutviklinga på alle nivå i 2019. Men for mange tiltak vil ikkje effektar kunne målast før det er gått lengre tid.

Overordna risikovurdering

Styret har gjennom 2018 hatt overordna diskusjonar kring risikoområde og kritiske suksessfaktorar for realisering av målsettingane til HVL. Sjølv om HVL allereie har hausta gevinstar frå fusjonen, er det langt i frå risikofritt å bygge ein heilt ny organisasjon samstundes som ein skal halde oppe og auke aktivitetsnivået når det gjeld utdanning og FoU, og med ein universitetsambisjon for auga innan 2023. Risikoen for svikt i gjennomføring av årsplan og budsjett for 2019 blir likevel vurdert som låg.

HVL har hatt gode resultat dei siste åra. Studentsøkinga er samla sett god, kandidatproduksjonen er tilfredsstillande, forskingsaktiviteten har blitt styrka i kvantitet og kvalitet, og vi har auka formidlingsaktivitet. Dette har ført med seg betre statlege budsjettløyvingar, men høgskulen er likevel avhengig av eit enda større framtidig økonomisk handlingsrom.

Ein fusjon er enormt kostnadskrevjande. Ikkje berre i kroner og øre, men den har også menneskelege kostnader. Å sjå til at dei tilsette har eit godt arbeidsmiljø vil framleis vere ein kritisk suksessfaktor for ei vellukka institusjonsbygging. Ein samla organisasjon er meir enn ein felles struktur, det er også kritisk at HVL prioriterer tiltak som legg til rette for ein felles kultur. Strategien til høgskulen har fire innsatsområde som krev særskilt merksemd for at vi skal kunne nå måla våre;

- Kompetansebygging
- Organisasjonsutvikling og samhandling
- Internasjonalisering
- Digitalisering

Desse fire områda er på mange måtar kritiske suksessfaktorar, og ikkje mål i seg sjølv. Dette er også område som høgskulen vurderer at har ein høg risiko, og derfor krev dei ei særskild merksemd. I budsjettet for 2019 blir styret sine strategiske midlar i stor grad nytta innfor desse innsatsområda, og knytt til enkelte av dei strategiske satsingane i 2019-2020.

Innsatsområde i strategien	Strategiske satsingar 2019-2020
Kompetanseutvikling	<i>Rekruttering av tilsette Kompetanseutviklingsprogram for dei fire fakulteta og fellesadministrasjonen System for merittering av undervisning</i>
Organisasjonsutvikling og samhandling	<i>Språkpolitikk Studieporteføljeutvikling Samordning av utdanning Studentrekruttering Campusutvikling Felles system for systematisk arbeid med kvalitet i utdanningane Kultur og struktur for samarbeid med arbeid- og næringsliv</i>

Internasjonalisering	<i>Bygge kultur for internasjonalisering gjennom eit internasjonaliseringsprosjekt som omhandlar sentrale delar av verksemda</i>
Digitalisering	<i>Utstyr og infrastruktur Digital verksemdsstyring E-læring Kultur og struktur for digital samhandling og deling Digital innovasjon og nyskaping</i>

Tabell 21: Innsatsområde i strategien

Budsjett 2019

I 2019 skal HVL legge grunnlaget for å hente ut fusjonsgevinstar, både fagleg og administrativt. Ny strategisk plan blei vedtatt hausten 2018, og heile organisasjonen er på plass frå 1.1.19, klar til å starte arbeidet med å nå målsetnadene i denne.

I HVL sitt budsjett for 2019 er det gjort koplingar mellom strategisk modul, vidareførte SAKS-midlar og årsplan.

Disponering av løyving

I tildelingsbrev 2019 for Høgskulen på Vestlandet finn ein følgande oversikt over løyvinga:

3.1 Budsjettvedtak kap. 260 post 50

Stortinget har bevilget totalt 35 6 mrd. kroner over kap. 260 post 50 i 2019 til universiteter og statlege høyskolar. Det ligger til grunn en pris- og lønnsøkning på 2,9 pst. og et avbrytårskutt og effektiviseringskutt på 0,5 pst. fra 2018 til 2019.

Kunnskapsdepartementet tildeler med dette 1 996 909 000 kroner til Høgskulen på Vestlandet. Tabellen nedenfor viser saldert budsjett for 2018, endringene i budsjetttrammen fra 2018 til 2019 og saldert budsjett for 2019.

Tabell 1	Beløp (i kroner)
Saldert budsjett for 2018, jf. Innst. 12 S (2017–2018)	1 905 586 000
Konsekvensjusteringer	10 174 000
Justering for pris- og lønnsøkning	55 557 000
Andre budsjettendringer	-3 219 000
Resultatbasert uttelling åpen budsjetttramme	25 078 000
Resultatbasert uttelling lukket budsjetttramme	3 133 000
Saldert budsjett for 2019, jf. Innst. 12 S (2018–2019)	1 996 909 000

For en forklaring av de enkelte endringene vises det til *Orientering om statsbudsjettet 2019 for universitet og høyskolar*.

Hausten 2017 vedtok styret ved HVL ein ny intern budsjettfordelingsmodell som fordeler løyvinga frå KD ut i fem forskjellige modular.

- Strategiske midlar** - hovuddel fordelt hausten 2018, resten blir fordelt i mars 2019. Satsingsområda er kompetanseheving, digitalisering, organisasjonsutvikling og samhandling, samt internasjonalisering. Av desse midlane blir det deriblant finansiert 16 eigenfinansierte stipendiatar, oppgradering av IT-utstyr og infrastruktur, samt samkøyring av utdanningar.
- Resultatfinansiering** – til fakulteta
- Basisfinansiering** – til fakulteta
- Fagleg og administrativ støttetjeneste** (realbudsjetterte)
- Institusjonskostnader** – mellom anna husleige (345 millionar kroner), stipendiatbudsjett og ikkje-fordelt lønnskompensasjon

Modul 2 og 3 blir fordelt til fakulteta og utgjør hovuddelen av deira løyving.

Ved bruk av budsjettfordelingsmodellen for 2019 får vi følgjande fordeling:

Eining/tiltak	Budsjett
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	369 414 000
Fakultet for helse- og sosialvitskap	273 978 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitskap	250 540 000
Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap	90 421 000
Realbudsjettert administrasjon på fakulteta	43 253 000
Realbudsjettert fellesadministrasjon	231 003 000
Institusjonskostnader og ikkje fordelte midlar	682 000 000
Strategiske midlar	56 300 000
Total KD-løyving (Kap 260)	1 996 909 000

Tabell 22: Budsjettfordeling 2019

Av dette er det budsjettert ca. 65 prosent til lønnskostnader og 35 prosent til driftskostnader.

I tillegg kjem øyremerka tildelingar frå KD, som blir direkte fordelte til det området dei er øyremerka til. For 2019 er dette følgjande område:

- Utvikling og drift av partnerskap i grunnskulelærarutdanningane: 7 254 000 NOK

I tillegg til løyvinga frå Kunnskapsdepartementet har HVL totalt avsetjingar på 282,6 millionar kroner. Store delar av dette er midlar knytt til ordinær utsett verksemd. Om lag 51 millionar kroner er bundne midlar knytt til fakulteta, og om lag 86 millionar kroner er øyremerka internt til byggeprosjekt og campusutvikling. Anna disponering blir behandla av styret i mars 2019, og frie avsetnader viser då om lag 45 millionar kroner, som ikkje er meir enn om lag 2 prosent av KD-tildelinga. Vi viser til eiga tilbakemelding til KD om avsetjingar.

Større byggeprosjekt

Den nye Høgskulen på Vestlandet har dei siste åra hatt ein stor aktivitetsauke, og det er derfor stort arealbehov i form av både nybygg og også rehabilitering/renovering ved fleire av campusane. Det er utbyggingsprosessar ved fleire campusar, og desse er komne ulikt langt i plan, avgjerdsprosessar og iverksetting.

Campus Bergen

Det største nye bygget er knytt til Bergen og Kronstad. Aktivitetsauken dei siste åra har vore så stor at hovudbygget var for lite då det stod ferdig. Ved å bygge eit tilleggsbygg vil ein kunne samle meir av aktiviteten rundt hovudbygget og campus Kronstad. Dette bygget blei godkjent av KD i 2017 som kurantprosjekt og blir gjennomført av Statsbygg. Byggearbeidet er godt i gang, og prosjektet er i rute både når det gjeld framdrift og kostnader. Råbygget er venta ferdig i slutten av februar 2020, og da startar innreiingsarbeidet. Bygget skal vere ferdig til overtaking 1.4.2020, med forventa innflytting i august 2020. Bygget vil vere eit miljøbygg med 30 prosent mindre CO₂-utslepp, og vil mellom anna ha solcellepanel på taket.

Gjennom konseptet aktivitetsbaserte arbeidsplassar gir bygget meir fleksibel og dynamisk utnytting av areala, med deling av fasilitetar i høgsetet. Dette er i tråd med internasjonale trendar og legg til rette for at utdanning, forskning og andre kjerneoppgåver ved høgskulen kan skje i meir framtidsretta former, samt at det bidrar til ønska byutvikling i området.

HVL overtok nye areal ved Barne- og ungdomssjukehuset (BUS) i Bergen i mars 2017.

HVL har gjort ein intensjonsavtale om leige av areal (BTA 1 000 m² i samband med etablering av Helsecampus Årstadvollen (HCÅ). HCÅ skal etter planen ferdigstillast i løpet av 2020.

Campus Sogndal

Fullføringa og opninga av Gymnasbygget i januar 2019 ser ut til å gi ei god og arealeffektiv løysing for Sogndal og fakultetet FLKI. Statsbygg var ansvarleg for rehabilitering og ombygging, og høgskulen har investert i inventar, utstyr og IKT i bygget. Uteområdet utanfor Gymnasbygget var ikkje ein del av prosjektet, slik at kostnadene ved dette kjem utanom. Det blei sett ned ei intern arbeidsgruppe som vurderte namnet på Gymnasbygget, og gruppa kom fram til namnet Bragebygget.

I samband med innflytting i Bragebygget blei det frigjort areal i Fossbygget. For å få ei effektiv arealutnytting må delar av Fossbygget byggjast om. Der trengst både kontor og undervisningsrom. Dette arbeidet er ikkje starta, men HVL har satt i gang ei bestilling på kartlegging av areal og behov framover.

Campus Førde

Campus Førde har framleis behov for større undervisningslokale og meir areal til arbeidsplassar for tilsette. HVL er i gang med å vurdere alternativ for vidare utbygging. Høgskulen var i kontakt med Helse Førde om å leige areal hos dei, i deira planlagde nybygg, men desse planane er utsette. Vi er derfor i dialog med Statsbygg for å sjå kva for alternativ som ligg hos dei.

Campus Haugesund

I Haugesund har aktivitetsauken i bygget som stod klart på slutten av 90-talet også vore så stor at det er behov for nye areal.

Statsbygg har gjennomført ein rom- og funksjonsanalyse som viser at dagens bygg ikkje har potensial for auka aktivitet. Det har blitt naudsynt å leige nye lokale. Styret er orientert, men har ikkje gjort endeleg vedtak i saka.

HVL har satt i gang eit forprosjekt der Statsbygg og HVL gjennomfører eit mogleighetsstudie, der behov, kostnad og løysningar blir vurdert. Arbeidet skal ferdigstillast sommaren 2019.

Campus Stord

Kroppsøvingshallen på Stord er frå 1920, og har dei siste åra blitt rehabilitert av Statsbygg. Det har vore eit sterkt ønske om å føre hallen tilbake til sitt opphavlege uttrykk, noko som har ført til at hallen ikkje kan brukast som ordinær idrettshall. Hallen har verken storleik eller fasilitetar som tilfredsstillar dagens krav. Det er derfor behov for å bygg ein ny hall. Styret har ikkje hatt saka til handsaming.

Årsplan HVL 2019

Overordna verksemdsmål 2019-2023

Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitetet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil tufta på samspel, berekraft og nyskaping

Prioriterte tiltak 2019:

- Etablere «Universitetsprosjektet» og tilhøyrande delprosjekt

Dei felles faglege satsingsområda skal styrke den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling.

Prioriterte tiltak 2019:

- Implementere og operasjonalisere HVL og fakulteta sine strategiar og årsplanar

Ansvarleg
innovasjon

Berekraftig
utvikling

Folkehelse

Sikkerheit

Teknologi

Danning

Profesjon og
arbeidslivretting

Danne og utdanne

Ved inngangen til 2019 er struktur og organisering innanfor utdanningsverksemda på plass. Dette betyr mellom anna at HVL no har eit felles system for arbeidet med kvalitet i utdanningane. Vi har ein råd- og utvalsstruktur på institusjons-, fakultets- og studieprogramnivå der studentar, samfunns- og arbeidsliv og fagfeller frå andre UH-institusjonar inngår. I tillegg har vi innplassert og tilsett administrasjon og leiing på institusjons- og fakultetsnivå.

I 2019 blir det viktig å legge til rette for å implementere nytt system, sikre god informasjonsflyt og medverknad, utarbeide gode grunnlag for å ta avgjersler og legge til rette for å følge opp desse. Behovet for slike tiltak vart understøtta av studiebarometeret, der det kom fram at få studentar kjenner til varslingsystemet for trakassering ved HVL. Vidare er NOKUT i ferd med å gjennomføre tilsyn med HVL sitt systematiske arbeid med kvalitet. Oppfølging av deira konklusjonar og tilrådingar blir dermed viktige tiltak.

Vidare vil HVL i 2019 fortsette arbeidet med å gjennomgå studieporteføljen. Ein del av dette arbeidet er samordning av utdanningar på tvers av campus, og den nye grunnskulelærerutdanninga som framleis er under implementering. Utvikling av modell for vurdering av studieporteføljen er del av dette arbeidet. Utkast til modell vart handsama av utdanningsutvalet i februar 2019 og blir sendt på høyring, før handsaming i høgskulestyret i mai 2019. Denne vil ligge til grunn for å vurdere HVL si studieportefølje på kort og lang sikt. På fakultetsnivå vil denne modellen, supplert med andre data knytt til det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane, ligge til grunn for vidareutvikling av kvaliteten for studieporteføljen samla sett og kvaliteten i kvart enkelt studieprogram.

Arbeidet for at studentane trivast og lukkast og utdanne attraktive kandidatar skjer i stor grad på kvart enkelt studieprogram og på dei fem campusane. I tillegg gjennomfører HVL tiltak på tvers av studieprogram, fakultet og campus på utvalde område. I 2019 vil dette særleg vere knytt til utvikling av handlingsplan for inkluderande læringsmiljø, tiltak knytt til førsteårsstudenten, tiltak for å fremje internasjonalisering, studentrekruttering og etablering av eining for utvikling av undervisning og læring.

Verksemdsmål 2019-2023:

1.1 HVL skal vera kjent for å ha studentar som trivast og lukkast.

1.2 HVL utdannar kritisk reflekterte kandidatar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Relevante nasjonale styringsparameter:

- Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH) i %
- Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH) i %
- Fagleg tidsbruk (timer) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)
- Skår på korleis studentane oppfatar studiekvaliteten (Studiebarometeret)
- Tal studiepoeng per fagleg årsverk
- Andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)
- Kandidatmåltal på helse- og lærarutdanningar

Utviklingsmål 2018-2020

HVL skal utvikle framtidiretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengelege for samfunnsliv, næringsliv og offentlig sektor.

HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekke studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.

HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen (UiB) om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare.

Måleparameter/milepårar

- Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar
- Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse
- Talet på nettstøtta utdanningar
- Talet på bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med arbeidslivet
- Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB

Prioriterte tiltak 2019

- **Samordning av studieprogram på tvers av campus**
- Fastsetting av **modell for vurdering av studieportefølje** og bruk av denne i periodisk og årleg vurdering av studieporteføljen
- **Implementere system for arbeid med kvalitet i utdanningane** med mellom anna opplæring av studentar, studenttillitsvalde, tilsette og leiarar, fastsetting av oppfølgingsform for alle studieprogram og gjennomføring av pilotar for periodiske evalueringar av studieprogram
- **Tiltak for å fremje kvalitetskultur ved HVL** ved å arrangere felles utdanningskvalitetskonferanse og dele ut utdanningskvalitetspris for HVL
- **Tiltak for betre informasjonsflyt og gode grunnlag for avgjersler** med mellom anna synleggjering av varslingsystemet «sei ifrå», vidareutvikling av Canvas som informasjonskanal og læringsplattform, samt arbeid med å gjera det tydeleg korleis studentane kan medverka.
- Utarbeiding av ein **handlingsplan for inkluderande læringsmiljø**
- **Tiltak retta mot førsteårsstudenten**
- **Tiltak for å fremje internasjonalisering av studieprogram** med fokus på leggje til rette for auka studentmobilitet og internasjonalisering heime
- Arbeide målretta og systematisk med **studentrekruttering** til alle dei fem campusane og alle utdanningsnivå, med særleg merksemd og tiltak knytt til utdanningar og campusar med låg rekruttering
- **Etablering av eining for utvikling av undervisning og læring** med fokus på digitalisering i utdanningane, pedagogisk kompetanseutvikling og merittering, og tilrettelegging for studentaktiv læring

Forsking, utviklingsarbeid og innovasjon

Ei satsing på kunnskapsutvikling og nyskaping er avhengig av ein auke av forskings- og utdanningssamarbeid nasjonalt og internasjonalt. Ei slik auke er avhengig av både interne prioriteringar, og eksternfinansiert verksemd (BOA). Dette krev ei målretta mobilisering mot store finansieringskjelder som Norges forskingsråd og dei ulike EU-kjeldene, og inneber at HVL må legge til rette for at prosjektutvikling i samarbeid med verksemdar regionalt, nasjonalt og internasjonalt, skal kunne skje. Ein vil vurdere å styrke incitament for å gjere det meir attraktivt å utvikle prosjekt som prosjekteigar, med særleg innretting mot EU-prosjekt.

Internasjonalisering er eit innsatsområde som skal omhandle alle ledd i verksemda, og der det i 2019 skal utviklast og gjennomførast tiltak. Vidare utvikling av internasjonalt samarbeid gjennom strategiske partnerskap, vil vere ein del av dette. Eit styrka internasjonalt nettverk på fagleg nivå og institusjonsnivå, vil vere viktige resultat, og som kan bidra sterkt i den vidare institusjonsbygginga. HVL vil stimulere til auka grad av mobilitet for både forskarar og studentar, på alle nivå.

Eit særst viktig innsatsområde i 2019 vil vere etablering og oppbygging av nye ph.d.-studium, og vidareutvikle eksisterande ph.d.-studium. I arbeidet mot å bli universitet vil etableringa av eit eige kompetanseutviklingsprogram vere sentralt. Det er særleg naudsynt å auke delen av fagtilsette med førstekompetanse. Ei endeleg avklaring og etablering av senterstruktur vil også vere ei sentral prioritering i 2019.

HVL vil utvikle vidare støttefunksjonar for forsking og internasjonalisering. HVL vil stimulere til forsking som er open. Vi vil fortsette det gode arbeidet med tilgjengeleggjering av forskingsresultat i opne kanalar. Sikker og god handtering og lagring av forskingsdata er også prioriterte område.

Utviklingsmål 2018-2020

HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse og professor og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetansen skal byggjast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.

HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.

Verksemdsmål 2019-2023

2.1 HVL driv profesjons- og praksisretta forsking av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor

2.2 HVL har styrka internasjonalt samarbeid om forsking, utviklingsarbeid og innovasjon

Relevante nasjonale styringsparameter KD

- Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk i 1000 kr
- Tal på publikasjonspoeng per fagleg årsverk
- Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (NFR/NIFU) i 1000 C
- Forskingsinnsats i MNT-fag (NIFU)

Måleparameter

- Talet på førstekompetente, professorar og dosentar
- Talet på internasjonale professor II-stillingar
- Talet på offentleg-ph.d.og nærings-ph.d
- Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet
- Gjort forskinga relevant for FNs berekraftsmål

Prioriterte tiltak 2019

- Utarbeide ein overordna handlingsplan for internasjonalt forskings- og utviklingsarbeid ved HVL
- Arbeide vidare med å legge til rette for ytterlegare auke i vitenskapleg publisering
- Arbeide vidare med implementering og auke omfang av open forskning
- Styrke den eksternfinansierte forskingsaktiviteten
- Skape møteplassar og samhandling - utdanning/forsking/praksisfelt (forum, strategisk dialog, brukarorientering)
- Etablere dei nye ph.d.-studia og vidareutvikle dei eksisterande ph.d.-studia
- Etablere og vidareutvikle senterstruktur
- Følgje opp opplæringsplan Forskingsetikk/Kvalitetssystem for forskning
- Etablere «Internasjonaliseringsprosjektet» og utvikle kultur for internasjonalisering:
 - Gjennomgang av partnerskapsavtalar i lys av HVL sin strategi og fakultetsstrategiar
 - Legge til rette for auka mobilitet – studentar og tilsette
 - Legge til rette for vidare nettverksbygging
 - Sjå på eksisterande forskingsrelasjonar og korleis ein kan nytte desse betre i våre utvekslingsprogram
 - Sjå på eksisterande næringslivsrelasjonar og korleis ein kan nytte desse betre i våre utvekslingsprogram
 - Skaffa eit oversyn over status på internasjonalisering ved dei ulike campus

Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

Forskar og undervisar er like viktige aktørar i ekstern samhandling på HVL sine vegne som leiarar og utpeika representantar i ulike samhandlingsorgan. Det stiller krav til god intern kommunikasjon og koordinering mellom forskarar, leiarar og administrasjon på tvers av organisasjonen. Oppbygginga av høgskuleorganisasjonen og innretting mot ein felles kultur, mellom anna gjennom arbeidet med den overordna strategien og fakultetsstrategiane, har vore prioriterte tiltak for HVL fram til no. Vi ser at dette arbeidet også vil ta mykje plass i 2019. Leiarar på ulike nivå er nøkkelpersonar i kommunikasjon og samhandling internt. Dei bør få ei felles opplæring i informasjonsleiing og internkommunikasjon.

Det ligg ein risiko i at oppbygginga av en sterk organisasjon skjer på kostnad av den tette samhandlinga vi treng med det regionale samfunns- og arbeidslivet. Dette er ei problemstilling som står høgt på dagsordenen til samhandlingsutvalet ved HVL. Det blei oppretta hausten 2018, med representantar både frå leiinga, dei fire fakulteta og administrative avdelingar. Dei er i gang med å lage ei handlingsplan for samhandlingsområdet som skal vere klar til sommaren 2019. Den planen vil sjå nærare på tiltak som byggjer opp under HVL si regionale rolle. Parallelt må det arbeidast med ein heilskapleg plan for korleis vi utviklar og tilbyr kompetanseutvikling i samhandling med arbeidslivet.

Det arbeidet som er gjort i 2018 med oversikt over nettverk og samhandlingsarenaer som HVL deltar i, må følgjast opp med utarbeiding av eit samhandlingskart for høgskulen, for å gjere aktørar, ansvarsdeling og avgjerdsle- og kommunikasjonslinjer tydelegare. Eit slikt kart vil vere ei viktig støtte for ei vidare profesjonalisering av samhandlinga frå HVL og i seg sjølv bidra til auka merksemd på samhandling i det daglege arbeidet.

HVL treng å bli meir synleg og tilgjengeleg for dei aktørane og brukarane vi har rundt oss. Vi opplever ofte at dei gamle institusjonsnavna heng igjen i offentlegheita og at kontakt med høgskulen lett kan oppfattast som kronglete eller tilfeldig. Her er det gjort mykje bra arbeid særleg knytt til rekruttering, men det er behov for å etablere meir langsiktige, heilskaplege og overordna fortellingar om HVL i offentlegheita. Ein større profileringskampanje retta mot offentlege rom i nærmiljøa vil bidra til å etablere eit inntrykk av HVL som ein seriøs og relevant samfunnsaktør med både bredde og særpreg, og vil såleis støtte opp under det øvrige arbeidet både med samhandling, formidling og rekruttering.

Nettsidene våre, hvl.no, er vårt viktigaste kontaktpunkt mot allmenta og vil kunne fungere som ein god rettleiar for vidare kontakt med HVL. Ein eigen inngang for samhandling frå nettsidene, vil vere til nytte i dialogen mellom HVL og arbeidslivet, f.eks. bedrifter som tilbyr studentoppgåver eller jobbar. Den vil også gi nyttig informasjon om samhandling med HVL og ha oppdatert og oppgåvespesifikk kontaktinformasjon inn mot HVL.

Verksemdsmål 2019-2023:

3.1 Gjennom samhandling, deltaking og dialog fangar HVL opp aktuelle problemstillinger, og er ein relevant samarbeidspartner for arbeids- og samfunnsliv.

3.2 HVL involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling

Relevante nasjonale styringsparameter

- Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH) i 1000 kr
- Del mastergradskandidatar sysselsatt i relevant arbeid et halvt år etter fullført utdanning

Mål i utviklingavtalen 2018-2020

Høgskulen skal styrke praksisnær utdanning og forskning og utviklingsarbeid (FoU) i klynge- og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfaglig samarbeid er bærende element.

HVL vil stimulere til økt relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentlig sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep.

Måleparameter/milepålar

- Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid
- Aktive Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar
- Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga)
- Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus
- Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet
- Talet på delte stillingar med arbeidslivet

Prioriterte tiltak 2019:

- Utarbeide ein overordna handlingsplan for samhandling ved HVL, med utgangspunkt i samhandlingsutvalet
- Gjennomføre ei felles opplæring i informasjonsleiing og internkommunikasjon for alle leiarar ved HVL
- Etablere politikk for EVU og livslang læring
- Utarbeide eit samhandlingskart for HVL
- Gjennomføre ein profileringskampanje for HVL
- Etablere ein inngangsportal for «Samarbeid» på nettsidene, hvl.no

Bygging av institusjonen

For å lukkast med å nå høgskulen sine ambisjonar, er institusjonsbygging framleis eit prioritert og strategisk viktig område. Meir solide fag- og forskingsmiljø er ei målsetting og ein føremon for å lukkast med ambisjonen om å bli eit universitet med ein profesjons- og arbeidslivsretta profil. Dette arbeidet skal samlast i eit overordna kompetanseprosjekt, som skal sikre oversikt over kompetanse og utviklingsbehov for dei fire fakulteta og fellesadministrasjonen.

Den faglege strukturen har fått virke ei tid og organisasjonen har gjort seg nokre erfaringar med denne, medan den administrative strukturen er nyetablert. For å lukkast med gode administrative støttetjenester og forvaltning av høg kvalitet skal HVL difor ha fokus på godt samarbeid i og mellom einingar, samt utvikling og implementering av heilskaplege og gjennomgåande system for kvalitetsutvikling og verksemdstyring. Vidare vil kompetansebygging, samkøyring av utdanningar og auka forskingsaktivitet vere sentrale område i året som kjem, i tillegg til å utvikle samarbeidsarenaene med arbeidslivet som høgskulen utdannar for.

